


Osingen

Lokalhistorisk årsskrift 2005
Utgjeve av Os Mållag
21. årgang



Osingen 2005

Utgjeve av Os Mållag

INNHOLD:

Barbra Røttingen:

Sommarnatt side 1

Odin Leirvåg: Møsnuken

– ein lagnad i Luftwaffeside 2

Barbra Røttingen:

Nærare.....side 5

Olav Molven: Småstubar,

Kameratar og

Jordnøtt og iskremside 6

Lars Skorpen: Skilsmisse etter 18 års

lukkeleg samlivside 7

Kåre Herdlevær: Hans Bakketeig

«still going strong»side 9

Barbra Røttingen: Elv side12

Synne Ulltang: Novella FRIside 13

Jimmy Øvredal: For dei gav oss ein arvside 14

Olav Molven:

Sundagstrening i Mobergshauganeside 18

Bli til nokoside 19

Røykarane.....side 20

Kåre Herdlevær: Minneparkenside 21

Barbra Røttingen:

Seglaren side24

Barnesider ved 7. klasse,

Søfteland skuleside 25

Framsida: Os Turnforening, 17. mai 1949.

Foto lånt av A. Nicolaysen

Skriftnemnda:

Anna Margreta Lunde

Elfrid Moberg

Gustav Moberg

Lars Skorpen

Kåre Herdlevær

Trykk: Grafisk Team as Bergen

Kr. 40,-

Til lesaren

Det lokalhistoriske årsskriftet OSINGEN kom i fjor ut med sin 20. årgang. Vi fekk mykje ros for jubileumsnummeret og er stolte over det. Men skriftnemnda kviler ikkje på sine laurbær frå i fjor. Vi går på med friskt mot igjen, og har, som før, «grave» i lokalhistoria. Vi vonar at lesarane også i år vil setja pris på stoffet som vert bydd fram.

Nynorsken har gjennom mange år vore under press frå mange kantar. Men her finst heldigvis framleis entusiastar som ofrar tid og krefter på ei god sak. Og saka er god, meiner vi. Det er viktig å halda oppe den nynorske skriftkulturen. Ein av dei som har bore fram den på ein ypparleg måte er forfattaren Jon Fosse frå Strandebarm. Det ser på ingen måte ut til at målføret har hatt noko å seia for hans suksess. Mellom mange prisar ragar vel St. Olavs Orden, som han vart tildelt nyleg, nokså høgt.

Noregs Mållag har sett i gang kampanjen: «Slepp nynorsken till! Opphev forbodet mot nynorsk i Dagbladet og VG!» Kampanjen har hittil samla 35.000 underskrifter. Det var ei «pangavslutning» på Det Norske Teateret 22. oktober, der redaktørane i begge aviser var inviterte. Lat oss vona kampanjen fører til eit godt resultat for nynorsken.

Det har vore mange dyktige medlemmer i skriftnemnda gjennom dei lidne 20 åra. Noko skifte har det vore, men gjennom dei siste 10 åra har det vore stabilt. Når no to av medlemene, Gustav Moberg og Lars Skorpen, seier takk for seg, vert det eit tap som må erstattast av andre som er interesserte i lokalhistorie. Begge desse, Gustav og Lars, kom inn i skriftnemnda i 1996. Dei har begge gjeve gode og viktige bidrag til bladet. Begge har stor lokalkunnskap. Dei har dermed funne fram til emne som det har vore viktige å «grava» fram. Entusiasme for saka er ein god karakteristikk av begge to. Skriftnemna vil med dette takka begge for godt og verdfullt arbeid. Når den som har vore leiar i nemnda også er på veg ut, vert det ei stor oppgåve for styret i laget å finna nye medarbeidarar. Men vi har den tru at det er nok av personar i Os som brenn, både for lokalhistorie og målsak.



Sommarnatt

Det kviskrar frå djupe skog
det lokkar frå svarte fjell
det er i natt
i natt du dreg inn

Skjelvande redde steg
lutrygga av tunge bører
Innover
Djupt

Skog dormar i natta
trugande står det imot
fjellet

Møsnuken – ein lagnad i Luftwaffe-

og trådar inn i andre hendingar

av Odin Leirvåg

– Kan vi berre kome oss ut fjorden – mot vest – og ut til havs igjen. Her byrjar det å bli trøngt mellom terreng og vêt. Dersom vi no held litt til høgre- mot fjellrekka. Hadde det berre ikkje vore for desse kraftige snøbyene. Sikta er blitt mykje dårlegare. Etter kartet å døme skulle det passa fint å kome seg ut til reinare farvatn via Bjørnefjorden og Selbjørnfjorden, eller kanskje ut Korsfjorden.

Eg føler meg ikkje heilt trygg. Korleis kunne vi kome opp i denne situasjonen? Trøytte er vi og. Nærare 6 timer i lufta har vi vore. Kor blir det av terrenget ...

Kanskje var det slik han tenkte, Friedrich Buczko, da han flaug flyet sitt utover Samnangerfjorden laurdag ettermiddag i totida 7. februar 1942. Det enda med eit totalhavari der alle om bord vart drepne.

Heilt frå eg var liten har eg vore fascinert av lagnaden til desse mennene som enda sine liv i eit framand land, i ei vinterkledd og lite gjestmild fjellside.

Dei vaksne snakke om episoden då det tyske flyet fall ned. Ofte vart denne hendinga fletta inn i andre historier frå krigen i Os. Eg sat musestille og lytta til skildringar om turar dei gjorde opp til vraket for å sjå på korleis det såg ut. Unge og nyfikne som dei var den gongen.

Det dei vaksne fortalte, og som prenta seg fast hos meg, var at vraket og dei som var om bord var ille tilreidde. Ved havaristaden var det mykje rester av fly og menneske spreidd utover. Brann gjorde det og. I tillegg såg det heller ikkje ut til at tyskarane ned i Os-bygda la



Observatør, Oberleutnant Werner Schnäpfer. Biletet er teke sumaren 1941. Han døydde på Møsnuken 7. februar 1942, berre tre dagar etter 30-årsdagen sin.

Oppklaringsversjonen av Ju. 88 som avdelinga 1.(F)/120 nytta, står her parkert på Sola. Då kjenningsbokstavane er uklære på biletet, er det uråd å tyda om det næraste flyet er «Møsnukeflyet» eller systerflyet.



særleg mykje sjel i arbeidet med å rydde opp. Det verka i alle fall slik. Det tok fleire dagar før nordmenn i arbeidsteneste fekk i oppdrag å ta vare på dei døde. Bere dei ned til vegen i Hegglandsdalen. Legge dei på lastebiler for å frakte dei til ein gravplass for falne tyskarar. Alt overvaka av tyske soldatar.

Det seiest at tyske soldatar sat på kistene på lastebilen og spela trekkspel då dei kjørte ut dalen. Det vart og sagt at flyet vart nedskoten i luftkamp ved Møsnuken. Ja, jamvel at general Todt, sjefen for Hitlers ingeniørvåpen, var om bord og ein av dei omkomne.



Flygar, Leutnant Friedrich Buczko, nummer tre frå høgre, står saman med avdelingskolleger på Sola og ser at sjefen deira landar etter avdelinga sitt oppdrag nummer eitt tusen, 7. november 1941.

Men, stemmer alt dette som vart fortalt? Kva skjedde eigentleg, og kva var bakgrunnen til hendinga, og kven var dei som var om bord?

I historia eg no skal fortelja, baserer eg meg stort sett på tyske og engelske kjelder. Dei er i hovudsak av generell karakter. Berre nokre få kjelder er knytt opp til det aktuelle flyet på Møsnuken. Nokre dokument om dei som døydde der oppe på fjellet finn vi i tyske arkiv.

Vi veit kva type oppdrag denne flyavdelinga flaug og kan dermed freista å rekonstruera hendinga. Heilt sikre vert vi likevel ikkje då mannskapet på flyet på Møsnuken tok fakta med seg i grava.

Flyavdelinga

Flyet «vårt» på Møsnuken var frå ei rekognoseringsavdeling sett opp med tolv fly av den kjende tomotors «schnellbomber» JU 88. Flyet var likevel ikkje heilt vanleg då det var spesiallaga for luftrekognosering. Både med kva utstyr dei hadde om bord i flyet, og korleis mannskapa var trente. Med dette flyet kunne ein fly ekstra langt og lenge, då nokre av bomberomma kunne brukast til drivstofftankar forutan at ein kunne henga på ekstra tankar. Eit stort fotokamera var installert i buken og kunne ta svært gode fotografi (for tyding) av fiendtleg aktivitet.

Flyavdelinga med namnet 1.(F)/120 var ein såkalla «Fehrnauklärung»-avdeling som flaug over store område, langt frå basen sin. Luftwaffe hadde fleire slike avdelingar, men fyrste gong vi får høyre om «vår» avdeling er at den står på listene over avdelingar som flaug viktige rekognoseringsoppdrag over Polen ved utbrotet av andre verdenskrig.

Etter felttoget mot Polen gjekk snart Hitler i gang med planlegginga av angrepet mot Danmark og Noreg. Vår avdeling 1.(F)/120 står også her på såkalla «Order of Battle» for angrepet natt til 9. april 1940. Mykje tyder på at flyavdelinga var på vengene endå nokre dagar før dette for å sanke inn etterretningsmateriale tyskarane trong for styrkar som vart sette inn i kyststroka.

Myten

Samstundes med hendinga på Møsnuken hender noko anna i tusenårsriket: Hitlers rustningsminister Albert Speer skal reisa til Hitlers hovudkvarter Wolfschance i Aust-Preussen. Han får tilbod om å fly

i staden for å ta tog til møtet der Fritz Todt også skal delta. Det var freistande å fyka i staden for å skrangle på eit tog. Dette skriv Speer i si bok, «Erindringer». Det er laurdag 7. februar og det er ein kald og hustrig vinterdag. I Wolfschance får Speer tilbod av Todt om også å vera med han på flyet sitt tilbake til Berlin neste morgon. Det er ein plass ledig. Dette lokkar Speer og han tek i mot tilbodet då togtransport freistar like lite. Lagnaden vil likevel ha det til at i løpet av natta får Hitler hug til å drøfte nybyggingar i tusenårsriket. Ein hug han så ofte får om natta. Og Speer stiller lojalt opp. Natta vert lang og Speer er trøyt. For han går til sengs, ringer han til adjutanten til Todt og seier frå seg flyturen neste morgon. Det skulle visa seg å vera eit lukketreff.

Om morgonen den 8. februar dreg Todt til flyplassen og flyet sitt. Flygaren er klar for turen tilbake til Berlin i vintervær. Speer kjem ikkje då han sov. Flyet tek av som avtalt klokka 0830 ein sundagsmorgon, og om lag halvannen time seinare eksploderer flyet og styrtar. Ingen overlever.

General Todt vert kobla til hendinga på Møsnuken på ein noko spesiell måte. Det gjekk nemleg ikkje osingane forbi at Todt, sjefen for tyskaranlegga i Os, var drepen. Og i eit flyhavari. Kunne det vera ein samanheng med flyet som datt ned på Møsnuken?

Ja, dette var spekulasjonar som har levd i Os. Men Todt var ikkje om bord i flyet på Møsnuken. Her er det samanfall mellom to episodar som finn stad same helga i vintervær. Ein ved et fjell i Noreg, og ein annan over Aust-Preussen. Takka vera løyndom og sensur sleppte ikkje tyskarane mange informasjonar frå seg om hendingane. Det var difor god grobunn for spekulasjonar og mytespinning om flyhavariet på Møsnuken. Ulukka på Møsnuken hendte med andre ord dagen før Todt vart drepen. Men ein dag frå eller til, tel lite i mystikkens verd.

Oppdraget

1.(F)/120 var stasjonert på Sola og flaug så å seie dagstøtt ut frå Sola. På oppklaringsoppdraga skulle det samlast inn militær informasjon av maritim natur. Den engelske flåtebasen Scapa Flow på Shetland vart difor mykje vitja av 1.(F)/120. Det var vanlege marinefartøy og eskortefartøy tilhøyrande dei allierte som var av stor interesse for tyskarane å følgja med på.

I byrjinga av februar 1942 vart Hitler svært uroleg over utviklinga til havs. Spesielt var han nervøs for mogeleg alliert angrep mot

Noreg. Hitler hadde utvikla ei «Noreg Paranoia» etter nålestikka allierte kommandosoldatar hadde gjort i Vestfjorden og Måløy. Difor dikterte han admiralar til å styrke havstroka i vest. Han hadde sendt Tirpitz til Noreg i februar 1942, og engelskmennene var stadig på jakt etter denne. I Brest i Frankrike låg slagskipa Scharnhorst, Prinz Eugen og Gneissnau gjerandslause og Hitlers nervositet auka dess meir. Derfor sette han 12. januar i gang planlegginga av operasjon CERBERUS. Ein stor maritim operasjon for å flytta slagkraft frå Brest opp igjennom den engelske kanal til Tyskland og vidare til Noreg. Kriegsmarine måtte styrkast i nord for å hjelpa Tirpitz og gjera det vanskeleg for allierte konvoiar å nå Murmansk. Tyske militære einingar både til sjøs og i lufta vart gjevne oppdrag å fylgja med om kysten var klar for allierte stridskrefter. Det måtte ikkje koma marine overraskingar ut frå dei allierte sine basar på Scapa Flow og Firth of Forth. Oppklaringsfly frå Sola hadde det travelt no for å gje Hitler eit godt bilde over stoda.

Den 6. februar 1942 vart eit fly borte på eit oppklaringsoppdrag opp mot Færøyan. Både fly og mannskap forsvann utan spor. Det dei var ute etter på denne turen var truleg innsamling av informasjon som kunne truga CERBERUS. Dei kunne og hjelpa ubåtar som nyleg var sendt ut av Hitler til farvatnet mellom Hebridane og Færøyan. Ubåtane skulle liggja på lur for å torpedera allierte transportskip. Fly frå Luftwaffe vart bruka for å leite opp overflatefartøy, for så å rapportere tilbake til Kriegsmarine kor byttet var å finna.

Same dag som dei første ubåtane var på plass i dette området av Nord-Atlanteren gjekk det ut ein konvoi på 13 transportskip frå Loch Ewe i Nordvest Skottland. Dei skulle sigla forbi Hebridane på veg til Murmansk. Veret vart svært dårleg, og både forsyningskipa og eskortefartøya måtte søka hamn for veret allereie etter ein dag i Kirkwall på Orkenøyane. Oppklaringsflyet forsvann utan spor i dette området den første dagen av desse hendingane.

Dagen etter, den 7. februar 1942, tok det i morgontimane av eit fly frå 1.(F)/120 frå Sola med kurs for Shetland. Det skulle leita etter eit sakna mannskap som vart borte under «Feindflug» til Færøyan. Leiteflyet er det same flyet som fall ned på Møsnuken. Flyet vart sendt ut på søksoppdrag og flaug truleg same rute som flyet frå dagen før for om mogeleg finna kameratane sine. Men, korleis kunne dei då hamna på Møsnuken som er inne i landet og langt frå ei naturleg Shetlandsrute?

På eit vanleg mannskap i eit slikt oppklaringsfly var fjerdemann om bord maskingeværopertør. Men, i dette flyet derimot var fjerdemann erstatta med ein «Kriegsberichter». Det var ein av propagandaministeren Göbbels menn. I hans utrøttelege arbeid med å fore det tyske folk med propaganda og forteljingar om kor godt krigen gjekk for dei tyske styrkane, trong han nyhendestoff frå fronten. Det tyske folk skulle ikkje på nokon måte tvila på at Tyskland sigra på alle frontar. Göbbels ønskte å basere all propaganda på førstehandsinformasjonar frå frontane. Fleire tusen rapportørar var difor utplasserte. Stoffet desse rapportørane laga vart presentert i filmavisa «Wochenschau» heime i Tyskland.

1.(F)/120 på Sola hadde også nyleg fått tildelt ein slik krigsrapportør. Han skulle vera med fly for å gjere reportasje frå ei oppklaringsavdeling på norskekysten. Lagnaden var at Kriegsberichtereren vart med «Møsnukeflyet», og han såg nok ei stor mogelegheit for å slå fleire fluger i ein smekk, då han fekk plassen til skyttaren. Bakteppet for ein god og dramatisk reportasje var arktisk vinter, leiting etter heroiske mannskap frå Luftwaffe, og samstundes kunne han sjå korleis allierte konvoiar vart spora opp og øydelagde av flokkar med tyske ubåtar. Sidan oppdraget primært var leiteoppdrag, kunne han gjera nytte for seg med friske auge for å sjå etter redningsflåtar eller vrakrestar. Det

styrka moralen at han kunne fortelja for dei heime at sakna tyske soldatar vart leita etter.

Sjølv om oppdraget til «Møsnukeflyet» primært var eit redningsoppdrag, var nok Luftwaffe medveten om at ein måtte få mest mogeleg igjen for utgiftene til drivstoff. Leita ein etter sakna fly, kunne ein samstundes, i same området som dei leita, også sjå etter fiendtleg marineaktivitet som kunne truga operasjon CERBERUS.

Vi må gå ut frå at Kriegsberichtereren tenkte scenebilette frå byrjing til slutt. Difor på heimvegen, etter at dei ikkje hadde funne noko spor etter flyet dei leita etter, tok dei truleg ein avstikker til Bergen og Os. Ruta heim til Sola vart ikkje så mykje lenger likevel.

I Bergensområdet kunne han få bilete av, og sjølv sjå, den nye Luftwaffebasen på Herdla. Ein flybase som vakta innseglinga til Bergen, ein tyskokkupert Hansastadt. Ein by med stor marineaktivitet i, og som vart sett på som portal mot Atlanterhavet og eit viktig knutepunkt for transporten av malm frå Narvik til Tyskland. I tillegg kunne Kriegsberichtereren få vera med på ein flytur utanom det vanlege i pittoreske fjordar mellom snødekte vinterfjell. Alt dette borga for ein god og dramatisk artikkel i «Wochenschau».

Det kan og tenkast, sjølv om det er mindre sannsynleg, at dei skulle ta etterretningbilette av Hatvik som berre eitt år seinare var utbygd til tysk ubåtbase.

Grunnen til at det er ei mogelegheit for at havariet hendte som følge av fotooppdrag mot Hatvik, er at flyet havarerte i fjellet like over. Som sagt var veret dårleg med vekslende siktforhold og kraftige snøbyer. Dei kunne ha avbrote lavflyginga og heller floge over skyene. Sidan dei likevel valte å fly lavt kan vera av fleire grunner. Fotooppdraget av Hatvik skulle gjennomførast for ein kvar pris, eller dei, som ei tysk kjelde seier, dei tok ein «Caprice». Med andre ord, flygaren prøvde å imponera og gje nokon på mannskapet ei sær oppleving, noko som var strengt forbode når ein var på ute offisielle oppdrag. Eller at mannskapet rett og slett feiltolka ver og føretilhøve over vanskeleg terreng. Det er viktig å merke seg at flygaren var heller fersk som aktiv krigsflygar. Han var nett utdanna frå krigsskulen. Flyavdelinga 1.(F)/120 var den første krigsavdelinga han var på, og han hadde berre vore i operativ teneste eit halvt år. Observatøren derimot var eldstemann om bord og gamal i tralten. Han var også sjølv oppdragets sjef. På slike fly skilte nemlig Luftwaffe på kven som var sjef for føring av flyet, og kven som var ansvarleg for oppdraget det var ute på.

Observatøren hadde, som lekk i si utdanning, også nesten fullverdig flygarutdanning. Vi kan difor ana ein viss disharmoni i ferdigheiter om bord sett opp mot oppdragets krav. Sjølv flyet var heller ikkje av dei enklaste å fly. Spesielt ikkje når det galdt å fly nøyaktig i tronge farvatn i lav fart. Mange flygarar gav og klar melding om kor dårleg utsikta var igjennom frontruta mot høgre. Hindringa til klar sikt denne vegen var på grunn av eit maskingevær, som var montert mest midt i høgre rutedel.

Kva hende nede i bygda?

To karar nede på Os arbeidde til klokka tretten, som vanleg var på ein laurdag, og så snart arbeidsdagen var over, tok dei bussen innover Hegglandsdalen for å ta helg heime. Det snøa tjukt. Då dei kom eit stykke inn i dalen, vart det sagt frå folk som kom på, at nokon hadde høyrte kraftig flydur i snøket. Lyden hadde enda med eit smell. Alt vart stille. Kunne det vera eit fly som flaug i Møsnuken? undra dei seg på gardane nede i dalen. Dei to karane blei med ein gong urolege og tenkte at det kunne vera eit engelsk fly som var i vanskar. Så snart dei

var framme ved heimen vart dei difor einige om å møtast på Hjemdal, så snart råd var, for å gå opp mot der smellet var høyrte.

Veret hadde ikkje vorte betre, og bratt var det der dei tok beine vegen opp fjellsida mot toppen av Møsnuken. Men her var det ikkje tid å tape skulle ein kunna redda engelske flygarar.

Det var ikkje noko fint syn som møtte dei der oppe. Vrakrestane låg utover, og personane om bord var døde og ille tilreidde. Og rett i mot dei varsla eit stort hakekors på halen frå om at her var det snakk om tyskarar. Dei vart fælne.

Det brann også i vraket, og ammunisjonen putra og gjekk av heile tida. Her var det ikkje trygt å opphalda seg.

Karane var ikkje seine om å koma seg heim. Hendinga gjorde eit sterkt inntrykk, etter som dei var dei første som hadde kome fram til vraket. Berre eit par timar etter at det hendte.

Vel nede i dalen kunne dei rapportera kva dei hadde opplevd, og folket på ein av gardane i nærleiken ringte til lensmannskontoret på Os for å melda frå.

Dei første tyske offiserane og soldatane som kom inn til Hjemdal for å gå opp i fjellet derfrå, var ikkje kledde for ein slik tur. Det snødde like mykje. Tyskarane sette difor seinare ut vaktar ved vraket, som no var nedsnødd. Etter nokre dagar kom dei attende med mannskap som bar ned dei omkomne. Leivningane vart lagt på ein lastebil og kjørt ut Hegglandsdalen. Føret var dårleg, og ute i dalen kjørte dei seg fast og laut få ny lastebil frå Os. Dei omkomne vart lasta om under groteske scener, då handteringa ikkje var heilt etter verdige normer har vitner fortalt. Det er difor ikkje heilt usannsynleg at soldatane var styrka av alkohol då dei hadde ei heller utrivleg oppgåve. Kan hende må også den tidlegare nemnte trekkspelmusikken sjåast i denne samanheng.

Dei som var om bord:

Flygar	Friedrich Buczko	22 år	frå Lyck i Aust-Preussen (no Elk i Polen)
Observator	Werner Schräpler	30 år	frå Hamburg
Radioperator	Paul Gerninghaus	24 år	frå Hiesfeld
Kriegsberichter	Theodor Hitzelberger	25 år	frå München

Epilog

Det er gått seksti år sidan andre verdskrig og mykje er fortalt. Det meste av sigerherren. Eit privilegium sigerherren har. Men på meg, som høyrer til etterkrigsgenerasjonen, gjer det unekteleg eit inntrykk når ein også høyrer frå dei som tapte. Sjølv om det i denne historia er tause forteljarar.

I dag ligg lite att på Møsnuken som minner ein om flyhavariet og ei tragisk side ved krigen. Noko av vraket brann opp etter sjølvtenning etter krigen, og mykje vart nytta til tekniske innretningar på gardane i dalen i ei trong tid.

I fjellet, i ei lita bygd, i eit lite land, langt heime frå, enda fire unge menn liva sine, for ei tapt sak. Dei tapte for ei sak som heller ikkje fortente å vinna. Likevel hadde også desse nokon som sat sorgjande att etter å ha mist sine kjære i den meiningslause krigen.

Mannskapet på A6+EH døyde ikkje i ei heroisk krigshandling som luftkamp. Dei vart heller ikkje skotne på av fiendtelege styrkar. Dei døyde på grunn av noko so prosaisk som feilnavigering i ukjent færvatn, under vanskelege vèrtilhøve.

Når Friedrich Buczko so ottefullt lurte på kor terrenget vart av, var det fordi alt flaut i hop i det kvite.

Dei er stett til kvile på Solhem Krigskyrkjegard i Bergen.

Nærare

Myra ligg eggjande i florlett dogg
med gapande svarte hol

Døden lurar bak neste knaus
han teier
og veit

Det stig og stig
og snart kjem det store som slukjer

Då
med eitt ber det
ber det høgt, høgt

Og fullmånen strekkjer seg framover kammen
og byr på sitt gule ljøs

Og døden er ikkje
meir

Småstubbar

av Olav Molven

Reidar Leganger og Olav Molven voks opp på Osøyro gjennom verdskrigen og inn i fredsåra. Mangt og mykje måtte utprøvast når gutar skulle mognast til menn, då som no. Denne ballasten i botnen av livet har dei bore med seg seinare. Med glimt i augo gjenopplever Olav Molven barneåra i dei følgjande småstubbane. Vi ønskjer oss fleire slike både frå han og andre.



Kameratar

I mangt og mykje var vi ulike, kameraten min og eg. Likevel – eller kanskje nettopp difor – gjekk vi godt i hop. Vi var trufaste og gode vener. Kvasse diskusjonar og ei og anna djupare usemje øydela ikke fellesskapen. Og dei to gongene vi verkeleg kom på kant med kvarandre skipla ikke noko på varig vis.

I ettertid vil eg vedgå at eg i dag, som den gongen, tar på meg meir enn femti prosent av skulda for våre to minneverdige kollisjonar. Dei løyste seg forresten fredeleg på svært stutt tid, jamvel om vi ved det eine høvet kunne ha smadra eit vindauga på fjordsida av Kommunehuset, bygningen som i dag står på Kyrkjeflaten. At lukka var betre enn forstanden – slik det ofte var i barndommen – medverka nok til at aggresjonsnivået straks minka til velkontrollert irritasjon hos begge partar. Få timar seinare hadde vi gjevne både fredeleg sameksistens og trygg venskap.

Jau, godlyndt og fredfullt var det vel eigentleg mellom alle oss ungane på Osøyro, sjølv om vi hadde våre grupperingar og interne stridar, og nokre av barndomsåra var krigstid. Ufreden sansa vi sjølv sagt på mange vis. Fleire sterke opplevingar vart oss til del, utan at slike skal nemnast her. Det meste av vanskar kom vi i grunnen raskt over då fredsåra kom, og vi skulle formast vidare som barn i trygg fart mot ungdomstid, med nye utfordringar.

No, i 2005, har eg krota ned nokre epistlar frå barndommen i Os. I desse skildrar eg enkle, minneverdige hendingar som vart to kameratar til del i tida utanom skule og heimeliv, ei tid fylt av hopehavet med andre barn, og med eit myldrande, allsidig arbeidsliv kring oss. Men samstundes var vi småkarane frie til å gå våre egne vegar, drive på for oss sjølve med våre spesielle sysler.

Sjølv merkar eg no at attersyn lett framkallar smil, glede, gode tankar. Vi – kameraten min og eg – hadde det gildt. Eg var heldig som hadde ein trufast, gladlyndt, impulsiv, vågal, innhalds- og iderik kamerat, og eg ønskjer å takke han for mangt og mykje vi var saman om i guteåra. Difor gir eg tekst til nokre minne, til lesnad for fleire som visselig også tenkjer attende når det fell seg slik.

I ungdomstida og vaksen alder kom våre vegar til å skiljast. Men det er ei anna soge, som ikkje er knytt til vår felles heimbygd.

Jordnøtt og iskrem

Det var smått om lommepengar. Foreldre såg ingen grunn til at born skulle ha jamn tilføring av laus kapital. Heimar flest gav støtte til aktivitetar som basar, fødselsdagar, kino, julefestar og liknande innanfor avgrensa, nokså småskorne rammer. Kjende ein trong til noko ekstra, som t.d. brus i pulverform eller på flaske, kom pengane vanlegvis frå ein liten jobb eller eit ærend ein gjorde for einkvan vaksen. I skikkeleg knipe kunne ein prøve å selje eitt eller anna, drive handel. Det krov ekstra, var vanskeleg. Salsvegen var no forresten rimeleg handterleg under krigen då tobakkrestar var høgt verdsette. Som dugande sneipe-samlar over noko tid, og med klokt spel av salskorta, kunne ein oppnå god pris for ei fyrstikkoskje med tobakk.

Men – i krigsåra var der ingen iskrem. For oss kom den til Osøyro med fru N. Ho starta med å selje direkte fra ei bøtte, ekspanderte raskt, og etablerte seg etter kvart med salsbu for både is, frukt og pølser. Til hennar bu la vi vegen for å kvitte oss med våre eventuelle overskytande, frie midlar.

Denne dagen hadde vi, kameraten min og eg, i alt 25 øre. Dvs eg hadde pengane i mi lomme, han var blakk. Summen var akkurat nok til eit skikkeleg mål iskrem. Sidan eg ikkje ville «snope» aleine, nemnde eg ikkje kva eg hadde i bukselomma. Deling av is ved vekselvis sleiking var inga aktuell løysing for å skaffe fellesgode. Jenter dreiv med slikt!

Ønskjet vårt om eitkvart i snopevegen kunne berre ta ein veg, vederlagsfritt å grave jordnøtter. Det hadde vi gjort fleire gonger tidligare, med godt resultat. Og plassen var klar, på høgre side av vegen, nedunder berget, litt før avkøyrsla til slaktehuset, skifabrikken og Fjellheim. Høvelege kvistar tente som gravereiskap, og rotknollar kom snøgt opp av jorda. Dette kunne vi! Framgangsmåten vidare var grei. Grundig reingjering for jordrestar, skraping av overflata og aller helst vasking for vi sette «snope» til livs. Jordnøttene smaka bra, vi sette pris på dei som smågodt i tillegg til «surblad» av ymse slag.

Ja vel, så tok eg ein fin meitemakk som følgde med under gravinga mellom to fingrar, slengde han bort til kameraten min og sa: «Du får iskrempengane mine dersom du et makken.»

Han såg kvikt over på meg, dernest på kryptet, og spurde roleg om eg meinte det eg sa. Eg stadfesta tilbodet. Då var han snar om å stryke makken rein både utvendig og innvendig. Så løfta han den buktande «jordarbeidaren» opp i vèret, strekte seg med vidopen munn som ein fugleunge mot maten, og sleppte makken direkte og djupt ned i gapet. Slukte han! Sjølvikkert og kunstferdig utført, imponerende å sjå.

Iskrempengane skifta straks eigar utan nokon triumf frå vinnaren si side, og utan kjensle av anger hos taparen. Ei real utfordring var tatt på direkten, bokstaveleg tala på strak arm. Slikt stod det respekt av! Difor følgde då også utfordraren – som i sitt indre ikkje hadde rekna med å tape kapitalen – med til iskrembua då desserten skulle setjast til livs. Han var stolt over sin vågale kamerat, og assisterte straks som makkehentar då det frå andre ved bua vart reist tvil om kunststykket verkeleg var gjennomført. Dermed vart det meir enn ein iskrem på «artisten».

Skilsmisse etter 18 års lukkeleg samliv

Eit 150 års-minne

Av Lars Skorpen

Frå gamalt var kvar mann herre i sitt hus. I heimen kunne ein styra og stella. I krig og ufred måtte ein kanskje lyda andre. Då busetjinga vart tettare, måtte mangt løysast mann og mann imellom, og tingordninga voks fram. På tinget møtte alle frie menn. Dei gjorde vedtak og dømde. Men så minka sjølvstyret. Kongebod frå København, for det meste skattepåbod, vart opplesne av sorenskrivaren på den gamle tingstaden eller kyrkjebakken. Kongens embedsmenn og kyrkja sine trugne tenarar tok etter kvart bort dei siste restane av det gamle sjølvstyret.

På midten av 1700-talet var det likevel to fellessaker som bles litt liv i sjølvstyret etter gamalt. 10.oktober 1742 møtte presten fire frie menn frå kvart av dei fem sokna, Os, Samnanger, Fusa, Strandvik og Hålandsdalen, for å skipa skule for prestegjeldet, og i 1855 kom fattigstellet inn i litt fastare former i bygdene våre. Andre enn desse sakene fekk ikkje folket særleg med å gjera, men det var då noko. Riktig nok fekk oftast presten, prosten eller bispen aller siste ordet både i skulesaker og fattigstellet.

Etter Eidsvoll var det viktig å få fart på det lokale sjølvstyret, noko som dei 112 eidsvollsmennene ikkje hadde hatt tid til å gjera noko med. Frankrike, mønsterlandet for Grunnlovsmennene, og næraste naboen, Sverige, som vi no var nærare knytt til, hadde kome lenger med lokal bygdestyring. I norske byar hadde ein også i mange år hatt eit utval av «eligerede menn» som skulle «administrere og forestaae kjøbstædernes offentlige væsen», altså eit slags bystyre med sterkt avgjerdsrett.

Etter 1814 kom ei lovnemnd i gang med å skipa grunnlag for eit formannskap i bygdene. Framlegget vart sendt til Stortinget for handsaming alt i 1821. Men saka vart stadig vandrane mellom nemnda, Stortinget og embedsmennene, som ikkje ville tilrå kommunalt sjølvstyre. Dei kunne mista makt. I 1833 var lova kome til Kongen, som nekta sanksjon. Først 18.januar 1837 signerte Karl Johan. Lova var i hamn, og bygdene hadde fått lov til å styra og stella seg sjølve.

Når no valet skulle gjennomførast, tok ein utgangspunkt i Os skipreide – det vil seia sokna Os, Samnanger og Fusa nord for Eikelandsfjorden – og Strandvik skipreide – det vil seia sokna Hålandsdalen, Strandvik og Fusa sør for Eikelandsfjorden (Koldalselva utgjorde grensa). Ei skipreide var frå gamalt av eit kystdistrikt som skulle utrusta eit hærskip. Hjå oss truleg med røter tilbake til Håkon den gode. Sjølve forsvarsorganisasjonen vart opprinneleg kalla leidang, som seinare gjekk over til å bli ein skatt innkravd heilt fram til 1836. Då skjonar vi godt kvifor Os og Strandvik skipreide vart det profane grunnlaget for det aller første heradstyrevalet i bygdene våre. Når dette området tilsvare det sakrale samarbeidsområdet frå gamalt av, nemleg Os Prestegjeld, er det ikkje vanskeleg å skjønna kvifor det nye heradet

fekk ein slik geografi. Eit område med røter både i det verdslege og åndelege, og som dessutan kunne haldast saman sjøverts.

Holsund i Fusa vart då den naturlege samlingsstaden. Her møtest Samnangerfjorden, Eikelandsfjorden, Fusafjorden og med litt velvilje også Bjørnefjorden. Den 2.oktober vart det halde heradstyreval i Holsund for Fusa og Samnanger, og 2 formenn og 6 representantar vart valde frå kvart av sokna. To dagar seinare, på same staden, var turen kome til Hålandsdalen og Strandvik. Same talet på formenn og representantar frå Strandvik, men berre det halve frå dalen, ein formann og tre representantar. 5.oktober vart det halde ting for Lysekloster gods på Buena i Lysefjorden. Her vart det første valet for Os føreteke; 2 formenn og 6 representantar. Ous Prestegjeld; seinare Os, Samnanger, Fusa, Strandvik og Hålandsdalen herad, hadde for første gong valt 9 formenn og 27 representantar til å styra bygdene.

Den 30.desember 1837 samlast formannskapet på Holsund for å velja ordførar. Denne lokalhistoriske banebrytaren heitte Hans Astrup Krüger. Han var landhandlar og proprietær (storgardsbonde) frå Fusa sokn. Det neste møtet vart halde på Osøyro i januar 1838, og den einaste saka gjaldt val av revisor for prestegjeldet sin fattigrekneskap for 1837. Tredje gong formannskapet møtte var på Fusa i mars same året. Det var berre dei lokale representantane som møttest den første vinteren. Men den 12.mai 1838 vart heile heradstyret samla for første gong. Alle dei 36 vordende menn frå Midhordlandsbygdene møttest på Fusa denne dagen.

Tre saker kan nemnast frå dette historiske møtet:

- Med 22 mot 12 stemmer vedtok ein at utlegg til presteskyss skulle fordelast likt over heile prestegjeldet (reisefordelingsprinsippet).
- Tapetsering av stova på prestegarden. Einstemmig frå formenn og representantar: «---at Disse ansaae denne Sag uten for sit Vedkommende.»
- 32 mot 3 stemmer: Frå 01.01.1839 skulle det ikkje brukast meir enn 1 ½ tønne malt og 12 kanner brennevin til eit bryllup i prestegjeldet. Tilsvarande tal for gravferd, 1 tønne malt og 6 kanner brennevin og barsel, ½ tønne malt og 3 kanner brennevin.

Baad Niin Jon Oskjold (Oskjold) Engel Clausen!
 Högskoleinspektör J. A. Schougaard Engel Månse Klippe
 Nils Nilsen Jon Oskjold, John Ogen Lien
 Hymnestvedt Nils Johannsen Midthius Wincentz W. Lien
 anders Knudtzen Løthuin - Heine Ogen Honanger
 Hånd Engelhorn Markkuus Røed Nygaard
 Ingebrigt Bergeschauhin Steen Hanssen Haaland
 Baad Hanssen Rangestvedt Ole Andersen Jon Samuel St. Gjerd
 Hans Johnson Svensdal Hans Knudsen Tise
 Tommas Tomosen Røstvad and, Jøll Kam
 Ouge Aava reber Samanger Knud Johansen Kage
 John Ogen Oustestad
 Atthaugen Poul Knoppe Røed
 Endre Larsen Høi

Underskriftene frå det første samla motet
 i Os heradsstyre 12. mai 1838. På fjerde
 linja ser vi tydeleg underskriftene til
 tre av osingane: Henrik Synnestvedt,
 Nils Midthus (farfar til Nils Tveit) og
 Vinsjans Lien.

Så er vi komne til det aller første heradsstyremøtet på Os. Det vart halde den 07. juli 1838, men ein veit ikkje kvar. «Aar 1838 den 7de Julii samledes Ous Sogns Formandskab og Representanter, i Anledning af Amtets Forlangende gjennom Fogderiet af Dato 1ste Junii d.A. om Erklæring på Hr. Petter Andreas Jersins underdanigste Ansøgning om Landhandlerrettighed paa Osøren.» Dette var saka, og dei folkevalde gav positiv tilbakemelding.

Så gjekk det mot skilsmisse. I den historiske lokallitteraturen står det lite om årsaka. Vi kan tenkja oss til lange og tidkrevjande reiser og dyre overnattingar. Og dessutan kunne sikkert skulestellet i Samnanger få strandvikingar til å sovna og vice versa. Avstandane var for store både i tid og tiltak.

Siste sammøte vart halde i Holsund 30. juni 1855. Os og Samnanger hadde like før blitt samde om at Fusabygdene ikkje måtte rekna med pengar for parten i Os prestegard. I så fall ville den nye ordføraren reisa sak mot dei. Trass i slike truslar gjekk avskilsmøtet fredeleg føre seg. Det gamle stridsspørsmålet om presteskyssen var oppe som vanleg, og siste sams sak var noko så nøytralt som medelprisen på kornvarer. Dette vart avskilsparten over bordet frå osingar og samningar til Fusafolket som dei hadde halde saman med fleire hundre år i sakral samheng og i atten år med kommunalt samspel. Folket frå Fusabygdene rette handa til osingar og samningar, gjekk til båtane sine og rodde heim. Båtane skildest aust for Os-landet. Bygdefolket frå Fusasida av fjorden skulle til hausten møtast hjå ordføraren på Skjørsand.

Os og Samnanger skulle stå på eigne bein, og formannskapsmøta skulle haldast i Harvik. Tingstaden vart framleis Skjørsand nokre år, men frå 1863 skulle den nye handelsmannen på Osøyro halda tinghus og skyss-stasjon. Presten Greve vart vald til ordførar. Slik skulle osingar og samningar ha det fram til 1. januar 1907, men den siste hundreårsbolken har dei styrt seg sjølve utan å måtta ferdast Samnangerfjorden på langs.

Fusabygdene heldt saman til 1. januar 1903. Året før hadde ein kongeleg resolusjon sagt såleis: «--- deles i 3 herreder, Fusa, Hålandsdalen og Strandvik, svarende til sognene av samme navn.» Slik var det lenge.

Men eit par mannsaldrar seinare, nærare bestemt 1. januar 1964, vart på nytt storkommunen Fusa etablert. Og slik er det framleis. Til glede for nokre og sorg for andre.

Den 02. oktober 1937 vart det halde hundreårshøgtid for det kommunale sjølvstyret på Solstrand hotell. Alle tenestegjerande og tidlegare heradsstyremedlemmer i Os, Samnanger, Fusa, Hålandsdalen og Strandvik; og alt såkalla fint folk i fylket var innkalla til «hundreårsmøtet». Med fruer – dette var før sambuarskapen si tid – var talet «møtedeltakarar» (festdeltakarar) 257 sjeler. Dei fem dåverande ordførarane vart valde til «formannskap» for festen, og varaordførar i Os-bygda, Lars O. Askvik, var visevert. Ordførar Nils Tveit heldt festtalen, og Kongen fekk helsing frå festlyden. Seinare på kvelden kom svartelegram frå Haakon VII: «Jeg takker de 200 «herredstyre-medlemmer» fra det gamle Ous prestegjeld for den tilsendte hilsen og sender min hilsen igjen.» Det vart ført, underskriven og gøymd ein vakker protokoll for dette «100-årsmøtet». Boka skal lesast opp under «200-årsmøtet», den 2. oktober 2037, viss ho lét seg leita opp Til den tid er kanskje Ous prestegjeld kome på kommunekartet att. Prosjektet treng bru over Hovdasundet, Ålandsfjorden og Sævareidfjorden, slik at stamvegen kan ta seg fram frå Os og sørover Fusabygdene.

Dette ville vera heilt i tråd med politikarane sine planar om å redusera talet på kommunar i kongeriket. Dessutan ville Bergen og Stavanger vorte nærare naboar langs landevegen. Angstbitne osingar trong truleg heller ikkje vera redde for å bli naturaliserte bergensarar lenger.

Kjelder:

- Nils Tveit: Os-soga, band I. Bergen 1932.
- Nils Tveit (skriftstyrar) Ous Prestegjeld 1837 – 1937, Bergen 1937.
- O.B.Skaathun: Soga for Fusa, Hålandsdalen og Strandvik. Bergen 1961
- Nils Lauvskard: Samnanger, Bergen 1930
- Aschehoug og Gyldendal: Store norske leksikon, Oslo 1987.

Hans Bakketeig

– «still going strong»

Av Kåre Herdlevær

Ser du ein eldre mann i fint driv over Osøyro, med god stil og godt tak på teknikken å gå med vandrestavar, så tippar du ikkje feil om du spør: «Er ikkje det Hans Bakketeig, mon tru?» Og du har så rett, så rett. Oppegående både i sinn og skinn er 90-åringen Hans Bakketeig, den siste av dei forretningsdrivande på Osøyro som starta forretningsverksemda si i 1930-åra.

Innflyttar

Hans Bakketeig er ikkje fødd osing, men etter at han flytte hit i 1936, har han, og forretninga han dreiv, vorte eit kjent bilete i bygdesentret, og han er osing så god som nokon.

Hans Bakketeig kjem frå Amla i Sogndal. Han var oppvaksen i det som vert kalla «små kår». Bestefaren var husmann under den største skogeigaren i Sogndal. På veggen hjå Bakketeig heng det eit måleri av huset han voks opp i. Ei lita husmannstove, som hyste mange, sjølv om det ikkje var så mange rom. På 1920-talet kom det ei lov om at husmennene kunne få kjøpa seg fri. Men skogeigaren hadde «eit ris bak spegelen». Kjøpte ein seg fri, fekk ein ikkje arbeid meir hjå han, som t.d. skogsarbeid eller anna, noko mange av husmennene var avhengige av. Men far til Bakketeig var både landpostbod og skomakar og såleis uavhengig av skogeigaren sine trugsmål, så han fekk tilbod om kjøp. Hans Bakketeig var såleis van med å vera nøysam. Dette kom vel med då han etablerte seg på Osøyro. Som han seier: «*Hadde eg starta med store voner og ein flott livsførsel, så hadde det ikkje gått.*»

Utdanning

Hans Bakketeig reiste til Ytre-Arna som 17-åring og tok til i urmakarlære hjå ein slektning, som hadde slått seg ned der nokre år før. I 1936 flytte han til Os og tok til som urmakar. At han kom til Os var tilfeldig, men det er ofte eit tilfelle som vert avgjerande for kor ein slår rot. Han var i militære på Ulven i 1935. Sidan han av prinsipp nekta å bera våpen, fekk han førefallande arbeid i leiren. Ein dag gjekk han forbi ein mann som lodda ei takrenne med ein svær loddebolt. «*Eg har no lodda ein del sjølv,*» sa Bakketeig, «*men aldri med ein så stor loddebolt.*» Då mannen, som viste seg å vera Olav Johnsen Moberg, seinare ordførar i Os, fekk vita at han var urmakar, sa han: «*Kom til Os, kom til Os, me har ikkje urmakar i Os. Kanskje kan eg skaffa deg husrom òg.*» Dermed var det gjort. Bakketeig slo seg ned i Os i 1936 og har arbeidd og budd her sidan saman med kona, Berly, og etter kvart ein barneflokk på fire.

På spørsmål om kva utdanning han hadde som urmakar er svaret: På den tid var det ikkje noko krav til korkje yrkesskule eller anna formell teoretisk utdanning, for handverkarar utanfor dei store byane. «*Munn til munn-metoden*», d.v.s. opplæring ved å vera i yrket gav god kompetanse. Og kompetanse har Bakketeig hatt frå første dag han kom til Os-bygda.



Hans Bakketeig ved arbeidsbordet. Foto: Bakketeig.


Starta forretning

Som nemnt ovanfor, han starta i det små. Eit lite hjørnerom i eit bygg der fiskeforretningen er no, var første verkstaden. Lars Moberg, bror til overnemnde Olav Johnsen Moberg, hadde eigd huset og drive skomakarverkstad der. Skomakarverkstad dreiv også sonen Torstein, som i vår tid starta skoforretning i Telthuskvartalet. Då Bakketeig fekk leiga verkstadiumet, var husleiga kr. 15,- for månaden. Han fekk tilbod om å kjøpa eigedomen for kr. 5.000,-, men det vart for stor gjeld

for ein nyetablert urmakar, sjølv om eigedomen var verdfull med sine 5 husvære og eigarrett like til «fjoro».

Han vart berre eitt år i hjørneromet. Postopnar Arne Hjermand frå Lærdal i Sogn førde opp eit bygg i 1937, og der fekk Bakketeig både verkstad og bustad. Huset, som i mange år var posthuset på Osøyro, har no fått namnet «Tanngarden».

Å starta ny forretning og verkstad var ikkje så heilt enkelt. Det måtte pengar til, både til innkjøp og anna. Kassakreditt måtte ein òg ha,



Berly og Hans med eit barnebarn. Foto: Bakketeig.

då som no. Men skulle ein få kassakreditt måtte ein ha trygd. Det er ikkje som no at du berre kan gå inn i ein bank som du står og går og be om eit lån. Å «kasta» pengar etter folk var ikkje stilen den gongen. To kausjonistar og eit livstrygdebrev måtte til for ein kassakreditt på kr. 3000,-. Når ein gjekk i banken for å søkja lån, måtte ein òg vera velkledd, like velkledd som banksjefen. Å søkja om lån, som sjølv sagt måtte vera skriftleg, var ei høgtideleg handling. «Jeg anmoder herved om å få låne ---» var standardinnleiing på ein lånesøknad.

Bakketeig hadde bustad i «Hjermann-huset» fram til jula 1945. Då flytte han og familien inn i «Alsaker-huset», som no er borte. Bakketeig fortel at i «Hjermann-huset» var romma så små at til jul måtte han kjøpa det minste juletreet han fekk tak i. I «Alsaker-huset» var romma så store at han måtte få tak i det største han fann.

Betaling i «naturalia»

Urmakarverksemda heldt fram i «Hjermann-huset» i 25 år, like til han i 1962 kjøpte seg inn i nybygget som var under oppføring i «Telthus-kvartalet», og flytte inn der i 1962–63. Frå 1956 hadde han hatt verkstad på loftet i Os-bygg, der han hadde Nils Bratholmen, betre kjend under tilnamnet «Uriasen», som urmakar. Det var mykje «leik» kring nybygget i Telthus-kvartalet. Dei som bygde søkte ei rekkje gonger om å få byggja i to høgder, men bygningsrådet nekta kvar gong. Bygningsrådet heldt seg til reguleringsplanen, som seinare er endra. 2.etasje er komen på plass. I tillegg til å vera urmakar selde Bakketeig også musikkinstrument. Gitarar og elektroniske orgel. Som nemnt nedanfor var han interessert i musikk.

For ein nyetablert urmakar var det mange utfordringar. Det skulle opparbeidast eit kundegrnlag og skaffast gode kontaktar med importørar av ur. Desse var stasjonerte i Oslo, og det vart difor mange turar dit for å forhandla om kjøp av ur. Fekk han sendt ur, var dette berre mot postoppkrav. Bakketeig fortel at han ein gong før krigen fekk sendt eit armbandsur som måtte hentast og betalast på posten. Han var ikkje førebudd på det, men etter å ha leita i alle lommer, greidde han å skrapa saman så mykje at han fekk uret ut. Kr 35,- var summen. Men då var kassen tom. Heldigvis kom det ein kunde som betalte ein reparasjon til kr 1,25. Det var heile kassabehaldninga den dagen. Det hende òg at han fekk tilbod om betaling i naturalia. Som den gongen han fekk lønnd om rjomegraut dersom han fekk ferdig eit par briller same dag. Han starta arbeidet med friskt mot. Men brillene var spesielle, så glaset sprakk før han var heilt ferdig. Dermed sprakk også tilbodet om rjomegraut. Hadde det vore no, hadde det kanskje vorte rjomegraut. For, som Bakketeig fortel: *«No skjer all slipping og tilpassing til innfatning maskinelt, i ein operasjon.»* Då sprekk vel ikkje glaset heller.

Tida i Ytre-Arna vart ikkje berre nytta til urmakararbeid. Det var her han vart kjend med Berly, som har vore fylgjet gjennom livet like sidan 1937. Med fire barn var ho husmor på heiltid i mange år. Men etter kvart som borna voks til, vart ho også medarbeidar i forretninga. Vi er nok mange som har blitt ekspedert av henne og har sett pris hennar venlege sinnelag og faglege kunnskapar.

Også optikar

Det er aldri for seint å læra. Det er Bakketeig eit levande bevis på. Å vera urmakar er å driva finmekanikk. I alle fall tidlegare, før inntoget av batteridrivne ur. Finmekanikk er det også i optikaryrket. Etter kvart som ura vart «elektrifiserte» måtte urmakarane ha andre bein å

stå på. Kva var då meir naturleg enn optikaryrket. Frå først av hadde Bakketeig kontakt med ein urmakar i Bergen for reparasjon av briller. Men han sette seg større mål. Han ville bli optikar. Han tok fleire kurs ved urmakarhøgskulen i Kongsberg, og i 1978, i ein alder av 63 år, tok han sveineprøven. Det var ikkje gjort på ein dag. På ei veke skulle kandidatane laga 6 par briller for hand. Kvar brille skulle lagast etter brillesetel frå lækjar, der dei «vitale» mål og krav elles var sette opp. Prøven vart godkjend, så frå 1978 var Hans Bakketeig både urmakar og optikar. Men kontaktlinser har han ikkje prøvd seg på, sjølv om han var i arbeid til han fylte 85 år. Som kjent flytte verksemda inn i «Hylland-huset» for nokre år sidan. «Hylland-huset» er no blitt til «Bakketeig-huset».

Bakketeig hadde bustad i «Alsakerhuset» fram til midt på 1960-talet. Då bygde han hus i Banktjørnhaugen og budde der i 8 år. Men då yngste sonen vart sjuk og dei måtte samla alle rom på ei golvflate, bygde dei nytt hus i Mobergshaugane. På sine eldre dagar har han og kona flytt tilbake til Osøyro, der dei har fått seg ein fin, lettstelt og uneleg heim, som nabo til det som ein gong var heimen deira, «Alsakerhuset», som er rive for fleire år sidan.

Andre interesser

Å driva eiga forretning krev sin mann fullt ut. Det vert lite fritid. Men Bakketeig har hatt sine interesser som han har dyrka, trass i alt arbeid han la ned i forretninga. Det kristelege arbeidet har vore ei kjær avveksling frå forretninga. I det kristelege arbeidet kunne han også få utløysing for ei anna interesse, musikken. Han fortel at han alt i 12-årsalderen fekk ei fele, ei ombygd hardingfele. Kor det vart av den veit han ikkje. Men i ungdomen spelte han fele i eit orkester innanfor det kristelege miljøet. Korsong har oppteke han mykje. Då Betania Songlag vart skipa i 1944, var Bakketeig den første dirigenten, og det var han til langt fram på 1960-talet. Songlaget var svært aktivt i denne tida. Ikkje berre var koret frampå i lokale samanhengar. Det stod også for tilskiping av stemne for Hordaland kristelege Songarsamskipnad fleire gonger. I tillegg til dette engasjerte Bakketeig seg også i sundagsskulearbeid. I 25 år dreiv han sundagsskule i Hegglandsdalen. Utan bil vart det å ta bussen inn i dalen og gå heimatt. Så gå kunne han også den gongen. Men då utan vandrestavar.

Bakketeig avsluttar samtalen med å rosa Os-bygda. *«Bygda er ideell å bu i,»* seier han. *«Fin og variert natur, passeleg stor, mange kjekke menneske, gode kommunikasjonar og eit rikt kulturliv.»* Det siste har han vore ein aktiv medarbeidar i.

Elv

Eg er elva som renn og renn
utan stans
vidare
alltid på veg
utan å stogge

jublande ut over stupbratte fjell
vil ha meir
meir

i eit nådelaust renn
mot hav
som ventar
med si salte bylje

Frí

av Synne Ulltang



Eg spring nedover grasbakken. Kjenner spensten i beina, og det mjuke graset som kitlar meg under føtene. Vinden bles varmt på meg, og pustar vekk hårstråa frå fjeset. Men så kjem mørkret. Den kalde ståluffa tek pusten frå meg, og tvingar meg ned i rullestolen. Der blir eg sittande til mi eiga fortvilning. Føtene er låst. Eg blir igjen ubevegeleg. Som ei dokke. Fanga i min eigen kropp.

Eg vaknar brått av at mor trekkjer opp gardinene. Sola spring inn på rommet mitt, og kvervlar opp støv. Eit varmt lys breier seg over meg. Eg føler meg bra i dag. Det mørke håret til mor badar seg i sollyset. Bølgjene i håret duvar opp og ned og vaskar vekk natta. Mitt største ynskje er å få sjå havet. No har eg ein god periode, og livet kjennest lett. Mor og eg prøver å finne eit hus i Lofoten. For havet er så vilt, vått og vakkert der. Det har mor sagt.

I dag kan eg la rullestolen stå. Eg klarer å gå på beina, men Else må nok komme og gjere øvingar med meg i dag òg. For å mjuke opp ledda. Else er fysioterapeuten min. Eg har kronisk leddgikt. Sjukdommen angreip meg då eg var 5 år. Ledda i føtene og hendene mine hovna opp og vart svært såre. Eg har dårlege og gode periodar. I dårlege periodar verkjer eg sånn i beina at eg

må bruke rullestolen for å komme meg fram. Hendene brenn i smerte. Men i gode periodar merkar eg lite til sjukdommen. Og då takkar eg Gud for at eg har det så bra.

Så var det havet då. Heilt sidan eg var lita jente har eg vilja sjå havet. Men mor har hatt dårleg økonomi, og vi bur langt vekke frå all slags hav. Eg har lese om havet i bøker. Havet er sin eigen herre og bestemmer sjølv korleis det oppfører seg. Det er så stort og mektig. Så fritt. Eg beundrar havet. Det kunne vore greitt å ha litt kontroll over kroppen. Gjere kva eg ville, når eg ville. Ikkje vere avhengig av andre.

Mor sitt lure smil riv meg vekk frå dagdrøyminga mi. «Har du sove godt?» Eg legg merke til at rommet mitt er merkeleg ryddig. Alle bøkene mine er stabla oppi brune flyttekassar, og ein trailer tutar utanfor. «På med kledda no,» seier mor. «Flyttelasset køyrer snart.»

Eg står oppå ein skarp fjellknaus. Vinden riv i håret mitt, og bles kraftig for å rive meg ned. Han greier det ikkje, eg har kontroll. Over meg heng ein gråtung himmel. Havet står framfor meg. Eg kjenner havet. Smakar havet. Ser havet. Sjospruten vaskar meg lett i fjeset. Her er eg ikkje lenger fanga. Her er eg fri.


Kryssord

Vassrett

1. Hovudstad i Egypt
5. Skryt
6. Papegøye
8. Lauvtre
9. Fugl
11. Fell
13. Politisk parti
12. Tal
14. Hovudstad i Kina
18. Avis
19. Ikkje gamle
20. Jamn, flat
21. Nes

Loddrett

1. Land i Europa
2. Dessert
3. Navn på fisk
4. Kyrkjeinstrument
7. Motsett av ingenting
10. Filmfigur (fantasi)
13. Leiar for eit munkekloster
15. Feirast kvart år
16. Ikkje ut
17. Arveanlegg



«For dei gav oss ein arv til å gøyma – han er større enn mange vil tru» (Ivar Aasen)



*«Kjeringjo te Ragnar'n lo
alder, an' enn kvar gong
mån druste og datt.»*

av Jimmy Øvredal
teikningar: Bernt Kristiansen

For nokre år sidan kom me saman nokre karar som hadde eit sams mål for auga: Å festa til papiret ord og uttrykk som før var daglegdagse, men som i dag berre unntaksvis er i bruk – og då serleg blant eldre menneske. Mange unge skjonar ikkje tydinga – og har kan henda aldri høyrte orda i bruk. Nokre av dei gamle seimåtane har jamvel fått ny tyding i dag (kåt, brisen) – og nye er komne til. (Brisen tyder i unge øyre i dag at ein person er lettare påverka av alkohol.) Er vedkomande sanselaus full, vert han gjerne karakterisert som dritings blant dei yngre.

Når lamna i gamle dagar hoppa og dansa ute i tunet når smalen slapp ut i vårdagen, sa folk at dei var kåte. Det same vart gjerne sagt om ungdommar i lystig dans og leik. I dag vert ordet som kjent noko annleis brukt og oppfatta.

Elles er det ikkje det minste rart at ungdommen ikkje lenger kjenner faguttrykk frå gardsbruk, husdyr, fiske, fangst, skogbruk og liknande primærnæringar. Dersom då ingen vaksne forklarar dei kva ordet står (stod) for, og heller ikkje nyttar dei, har våre unge og vonfulle etterkomarar ingen foresetnad for korkje å forstå eller bruka dei. Men mange ord er sjølvstakt like aktuelle i vår tid som for 50–60 år sidan.

Ordet *longe*, t.d., i staden for *alt/allereie* (eller allerede som dei yngste gjerne formulerer seg) er eitt av dei. Døme: «E' du *longe* kobmen? Eg trudde ikkje du va'her før i eitt-tiø.»

«Språket er i utvikling» seiest det; – og i klårtekst tyder det at gode, gamle og presise uttrykksmåtar og ord gradvis vert forkasta – til fordel for «slang» – språk og «moderne» utanlandske seimåtar. Det gjeld difor om at me som er gamle, ikkje kvir oss med å nytta dei orda og seimåtane som foreldra/besteforeldra lærde oss – i staden for å «fylgja utviklinga» og ta etter det ungdommelege og gatesteininfiserte/engelskprega «notidsmålet.» Å venja dei unge av med å seia «melk, frokost, spisa, gjøra, gård» – og alle dei andre bokmålsinfiserte orda – er truleg ei altfor stor og omfattande oppgåva, men kunne me lært dei opp til å nytta nokre av dei eldre og presise seimåtane i staden for dei platte og valne – og tidspopulære tungemålsvariantane, so ville mykje vera vunne. Men so er det dette med ertinga og «mobbinga», då – eller hutinga som me sa. Det er lett for oss gamlingane å seia at «det er ikkje noko å bry seg om, om ein vert til lått og glis» – utstøytte or gjengen – og gjerne det som verre der. Det er sovisst ikkje noka enkel sak for ein gjennomsnitts ungdom å gå gjennom ungdomstida til spott


og vanvyrdna frå «gjengen» av jamaldringar fordi ein «held arven i stand». Men det duger ikkje uprøvd, og då er det me – som står for noko, om vinden blæs aldri so frisk rundt «øyrena», som må visa at me står oss imot den nedbrytande «utviklinga». Denne utviklinga – som byråkratane (og iblant «moderne» målfolk, dessmeir») kallar forfallet i vårt eige mors- og farsmål – sidan dei ikkje idest (eller maktar?) å læra seg rett norsk sjølv. (Farten er i dag vorten til farta, låten til låta og nåden til nåda(!) – og mange, mange fleire. Ein kunne mest tru at kjønnskvolteringa hadde sprengt seg inn i substantivskogen òg. Mange journalistar har mykje å svara for når dei ein gong skal mota sine forfedrar. Måtte framtida og våre nye målmenn og -kvinner få den åtgau-men og framgangen som målet hans far og hennar mor fortener!

Her kjem eit knippe med ord/uttrykk frå det fleirårige arbeidet (som enno ikkje er avslutta) til «mål-gjengen»: Arne Aarseth, Bjørn Bothun, Bernt Kristiansen, Åsmund Lien og artikkelforfattaren.

- Flus: sint, sur, oppfarande kjæring. «Kjæringjo te Paul'n va' ei ekta flus. Da va' kje løyve han for te Amerika -.»
- Vadla: knapt, so vidt, mest ikkje. «Han va' so troytt og utfar'n at han greidde vadla gå.»
- Vadlesletta: Blanding av regn og snø. (slud (dansk))
- Tø: grasbakke oppi ei li/fjellside. «Fyrst uti juli ser du da grønast opi tōena». «Da e' so fint idni Ljotōo. Oppånte dar ser du fritt utøve heila halla Sunnhordland.» (Ljo = nyslege gras.)
- Gjæster: Gjær (svensk). «Kako vart for flat. Serino hadde hatt for lite gjæster i deigen.»
- Gulka og spy: brekka seg og kasta opp. «Ette' middagen stod Jo'n og gulka og spydde ne'om nōvo. Rømmagrauten og heimabrent'n gjekk i hop, sa han. Da såg ut so' grauten hadde kasta seg (klumpa seg).»
- Hemla med: smeikja for, halda seg til vens med.
- Sloe: kraftuttrykk om mannsperson – srygg, vond, ekkel. Ein dag sa best'n rett ut te Kario: «Du må 'kje hemla med danna dar slo'en, so' har vøre i fengsel og alt -!»
- Hatter (eit): hinder,klamp om foten/handa. «Plåsteret på fing-rane va' eit hatter for Olaf'en når han spelte trekkspel.»
- Rapa: gli, skrensa, rapa på bergiet/klakjen.
- Råpa: sleppa ut luft (m/lyd) (gjennom munnen).
- Drusa: 1. Snåva, 2. La det stå til, 3. Slå hardt. «Tào på gummiståvel'n trafta ein fastfros'n stein so Larsen druste og datt – og spikte adle eggjo i spanne'». Spikte = knuste «Kjæringjo te Ragnar'n lo alder, an't enn kvar gong må'n druste og datt.»
- Bleikja (ei): lyst, tett skylag. Lökto = himmelen, nedbersla=nedbør. «I dag e' da slék ei bleikja på lökto at eg trur han kjæme te kobma med nedbersla te' kvel'n.»



- Teksla: gøy, å gryta: kasta noko (etter nokon). Ho'n teksla og goyde fælt når Knur'n kobm i tune'. Han hadde grytt stein ett'an ein gong før lengje si'o – og ho'n gløynde da alder!»
- Tære': det minste. «Du fidn' ikkje tære' be're pære' kar du fære' – om so du fære' ne'om Mølla-gjære' –»
- Skjætekruk: handfallen, reddvoren liten stakkar (pingle!) «Du må vera med å ta ryggjatak du òg – og ikkje stå dar og gapa – so ein a'n skjætekruk.»
- Panarihus/pennarihus: «pennal» Pennar i hus! Er truleg vorte til penalihus av dei minste, som ikkje hadde lært seg å seia rett R – og so seinare vorte forkorta/forkvakla til «pennal».
- Skaldra: skrangla, rista. «Dan gamla møkakjerro med jarnhjulo skaldra so fælt på dan dårlege veien at da kjendest mesta ut so' om innvolane vart rota omkvarandre då me va' frabme.»
- Stinkla: nyfrose vatn (på pyttar, dammar, vatn). «Da måtte ha vøre kuldegrada' om natto, for da va nystinkla is på adle dabmane.»
- Tilfar (n): tiljer i båten. «Han måtte ha rigna fælt om natto, for alt tilfaret låg og flaut i båten.»
- Timast (v): sjå seg råd til. «Han va' so gnit'n at han timdest ikkje eta seg mett, endå han hadde trædeve tus'n krone i høvendet (hovudputa).»
- Blæma = bløra: Opphovna hud (trebløre ved roing). Blæme v/ soling t.d. «Når go'farskålo kjæme, står au'ena so' blæme: Hanno likka, tongo slikka ette' drikka!» (ølskåletekst).
- Skjækja (f): oppøst fart. «Ivar'n kobm springande idn på kjøkene' i ei skjækja, og sa me måtte få fat i jordamoro. Kjæringjo hans hadde fått rie' borti lø'o!»
- Fløs (n): lite rusk. «Da ska 'kje rara fløse' idnpå au'a for du kjedne' da!»
- Fjelga seg: stella seg, gjera seg rein/fin. «Papen fjelga seg alltid for han sette seg ne' og såg på fjernsyn.»
- Fræ (frø): «Kornpinkefløkkjen (bokfink) år opp mestedelen tå fræna so' Ivar'n hadde høve på atleggje'.»
- Frøkkel: forkle. «Lino hadde nystroke, kvitt frøkkel på seg når ho serverte kompena. («raspeballar»).
- Fysa på (v): lika, ha lyst på, sjå seg mon i. «Rotto beit eit lite stykkje tå lippo te Nils'n når han låg og sov, men kjæringjo rord'o ikkje. Dei sa at røtto fyst' ikkje på bykjot –.»
- Gaula: rauta. «Kydna gaula, smal'n
- Blækta: bræka. og hest'n
- Kneggja: «vrinska» kneggja. Men no e' da stilt i tune' –.»
- Bræ: bokbind. «Du må ha bræ på bokjo di, gut!»
- Bræa (f): skitklysa (òg om spy). «Katt'n hadde gjort ei bræa onna heso, og då eg sko' ta ut or sista



rubme (golve') so greip eg idn i da blauta supan'e me' beggje nevane!»

- Drass: målsong, dialekt. «Eg haure da på drass'n at han va' borttante Telemarkjo.»
- Einaste te: nesten/mest, berre so vidt, «på hekta». «Da va' einaste te at lvar'n kobm vekk (døydde) på laurdag då han gjekk seg ned i Stutahøle' idni Gaglemyro, men so fekk han hukka seg fast i ein liten bjørkestrong (renning) so sto' attme' høl'e.»
- Attebera: bakevja (strumkvervlar som går i ring i ein elvahøle.) «Kjeringjo te lvar'n va' so rong og tverr, at dei sa at visst ho rudla på elvo, so konde dei berre leita ett'ne i attebera idnonna Føssane.»
- Skjera (ei) (svensk): saks («søks»)
- Skjerr: redd, forsiktig, motsett av tam (mild). «Sjeviotsmalen va' jamnast skjerrare enn Rygia-smal'n.»
- Å kjeppast med: arbeida «over tida» med noko, for å få det ferdig, ha det travelt for å ferdiggjera eit arbeid, og sleppa ta det att. «Eg sête' og kjeppast med å tinda ei riva, men eg kjæme' snart!»
- Kvern: jarnstreng (gjord) på ei grind (lè) for å halda øvste delen på plass. «Du må 'kje gløyma å ha kvervo på, elles brøte' kydna seg snedde (fort) igjone!»
- Lasen: skral, dårleg, lite sterk. «Stolen va' so lasen at han brøtna sond då Store-Knut'n sette seg i'an.»
- Haustløyva: gult gras (ofte i fjellet) etter året før (løyvt gras: ikkje ete eller slege). «Da e' hålt (glatt) å gå på haustløyvo. Springe' du, kan du lett fyka te hōvdes (fara hovudstups).»
- Mæt (mætare) (adj.): ikkje mætare: ikkje betre/rarare/sterkare/sprekare (helst brukt i komparativ. «Va da 'kje mætare greiena du hadde fudne te pilebøge? Han brøtna sonn, be're eg tok i'an.»
- Mjåfotte (s): den mjuke delen under vrista.
- Bidna (n): tøkje (noko til å ha noko oppi). «Han hadde fleire bidne' med seg då han for åt bærsbogen.»
- Lapt: smaklaust, utan salt. «Datta supan'e va' so lapt at eg lika gøtt konde slorpa i meg nåke vatn –.»
- Skuta (v): hamla (skyva årehandtaka framover slik at båten går med bakenden fyrst).



- Ulikjens: ofte om forargelege dyr, folk. «Alltid hell'e dass dar ulikjens Nilsongane eit fæla leven nett når eg sko' kvila middag.»
- Utkrøpen: utpekulert.
- Uver'ig: lite tida med, stakkarsleg.
- Åtleina: åleina.
- Utongje: utange – ein gut som finn på mykje gale for «moro» skuld. (develongje, rakkarongje.)
- Ætto: draget på himmelen (lokto). Kva retning vinden kjem frå. «Ser du ætto? Han e' på sødvæst! Du må 'kje tenkja på Bjødnafor'n i dag – i datta vetla skale!»
- Skjêla vis: skikkeleg vis.
- Låk: sjuk
- Drønsa (ei): stor tjukk feit kjæring. «Da va'kje bue te (enkelt) å få ei slèk drønsa på fōt'na igjen, når ho føsst hadde fare te hōvdes ut i laussnōd'n.»
- Fatna: å ta fyr.
- Feien (fegen): glad
- Feien tå: glad i.
- Geitavis (ei): kvitsymre (kvitveis)
- Hutla (vekk): kasta bort, øyda opp, sløsa vekk, setja over styr. «Jonas'n kond' ikkje styra penga! Ein dag sa dei at han hadde hutla vekk tre krone' og femti øre på to stakkars tima!»
- lingsle (iingsleg): keisamt, trøytande («enerværende»). «Da va' fint dar idni Vik, men da va' so iingsle' å sitja å bōra rævhōl i adle dass trehestane heila ti'o!»



- Høvla (v): både transitivt og intransitivt verb: snu opp ned på/ vera snudd opp ned. «Eg hōlvde ei bøtta me' grisablo' øve hōve' på tju'en – og då va' da nett so'an døvna litt.» «Blo'bōtto hōlve' på bakkjen bakom lø'o.»
- Kongelvåg: kingeljev, «spindeljev».
- Ludn (s)/ ludna (v): runde, halvrunde stokkar (hùn) til å leggja under noko tungt (t.d. båt) når du skal skuva ut – eller dra inn.
- Larka (v): gå svært seint, trøytt latmannsgonga.
- Lending: lita bryggje av samansamla stein.
- Å lenda: leggja til (med båt) i lendinga.
- På lusa tråv: springa hals over hovud. «Vetle-Ola'n kobm springande heim på lusa tråv or blåbærskogen. Han hadde sett sin føsste hoggorm!»
- Meins: 1. Heile tida 2. I vegen for, til meins for. «Ho'n tekla meins, heilt te lensmån for heimatt!» «Da va meins-is på vatne', so me laut gå Grålio.»
- Næm (truleg av fornem): fin, forsiktig, pen, derten, finsleg. «Musafedlo va' so





*Du må ludna, elles greia
du 'an alder.*

næmt stilt (gildra) at da smadl, ber'e me slökte jose' (lyset).» «Ho va so næm på da at ho målte neglo på storatão rau, og so skar ho høl i sko'dn so tåo kobm ut.»

- Onnevind: medvind.
- Stendig: om ein som står seg godt (økonomisk). «Druse-Mons'n va' ein stendig mann vør'n. Dei sa han hadde trædeve tus'n i bankjen.»
- Teselder: (dess heller) eingong, so mykje som. «Ho hadd' ikkje so godt so ei stakkars skjéva me seg teselder – endå so langt da va' te gå.»
- Ama: flytta seg litegrann (mest umerkeleg mot (eller frå) nokon – i sitjande stilling.) «Ette' eit kórter hadde eg ama meg sopassa nære bortåt Anno at eg kjende såpelokto tå'ne.»



- Øsma (dis): umerkjeleg blådis på varme soldagar (ysma).
- Áfått: gale, noko o vegen. «Eg forsto' da måtte vera náke áfått borti Torkjellstune' – for dei hadde'kje henta post'n på fleire daga'.»

Ja, dette var nokre glimt frå farne dagar – og frå notida for nokre av oss fossilprega «gamlingane», som prøver å halda Ivar Aasen-påbodet i akt og ære. Kanhenda vil fleire i framtida forstå at utvikling ikkje alltid er framgang. Me får stå på, me som ikkje skjemmest over arven frå far og mor. Kanhenda kan det høva å sitera gamle Fader Aasen sitt siste vers i diktet «Nordmannen» (Millom bakkar og berg): «Lat deim hava den Æra dei kunna, og sin Rikdom og Styrke dertil, naar som berre dei meg vilja unna at faa raada min Arv, som eg vil!



*Ette' eit kórter hadde eg
ama meg sopassa nære
bortåt Anno at eg kjende
såpelokto tå'ne.*

Sundagstrening i Mobergshaugane

av Olav Molven

Ein morbror sytte for at eg vart eigar av ein fotball. Det var eit kvalitetsprodukt, ein ekte fotball av ypparste merke, ein firarball som trong samvitsfullt stell. Denne ballen var slett ikkje tiltenkt grusunderlaget på Kuventrø, eller det som simplare var. Nei, han var emna for grasdekke, som skapt for kvasse, målretta tilslag som gav fart og kraft! Slike spark måtte øvast inn på grønt underlag, det var vi samde om, kameraten min og eg.

Vi var knipne med å ta med andre på våre treningsøktar, ville helst vere aleine, øve for oss sjølve på eigna plass. Då hadde vi berre ein stad å gjere av oss, innta «Storasletto» i Mobergshaugane, der løa låg, og kyr beita rett som det var. Var helle med oss fann vi eit nokolunde jamt grasfelt, utan buskap og fritt for kuskitt – i alle høve av ferskaste slaget.

Ein sundag litt utpå dagen, tok vi oss opp til øvingsfeltet. Lagleg tid på ein høveleg dag, meinte vi. Mobergsbonden sov truleg middag, og om ikkje så var, kom han nok ikkje markavegen til Osøyro på ein sundag. Vi hadde nemleg ei viss redsle for han.

Så dreiv vi då på med mange slags øvingar. Frå ei fotballbok kjende vi til gode vrist-, innside- og utsidespark, dødlegging på ulike vis, øvingar i skalling og anna. Ambisjonane var klare, målet var med tida å «komme på laget», få spele for Os.

Etter vellukka treningsøkt skulle vi nedatt til «Øyro». Men denne sundagen valde vi ikkje den mest vanlege vegen. Vi la ruta høgare oppe, nærare Fjellheim, eg fremst med ballen i fast grep, og kameraten min 5-10 meter bakanfor, Sundagsfred, vakkert vær og krevjande

innsats med godt resultat, gjorde oss nøgde og tagale. Roleg trødde vi nedover, kvar for oss.

Brått vart eg riven ut or tankeverda mi av eit brøl, ei vaksenrøyst som uttrykte sterkt mishag, høgmælt sinne. Eg vrei på hovudet, såg kameraten min hoppe til for å spurte mot tryggare område, og la straks sjølv i veg for å komme vekk, redde både ball og lekam. Einkvan vaksen var etter oss.

Eg skjøna at noko spesielt måtte ha hendt. Så då vi kom på sikker grunn på «linjo», fekk eg vite kven som var opphavsmann til primal-skriket. Han budde også på Osøyro. Ender og då trakk han seg bort fra kone og barn for å søke fred og middagskvil i naturen. Han kunne verke morsk av seg, det visste vi, men vi kjende han ikke særleg godt.

På veg ned att hadde kameraten min oppdaga eit blankt, skinande område mellom brake og lyng, tydelegvis toppflata av eit hovud. Ei lita kongle vart sendt i veg. Den råka – svært uventa – midt i blinken, og utløyste, naturleg nok, ein markert straksreaksjon.

Dagen etter råka eg på den angripne og skvatt til. Han såg meg, drog på smilen då han sa: «Hadde eg fått tak i dykk i går så ...!» Dermed skjøna eg at han nok ville skremme meir enn å ta tak i oss då sundagsfreden vart broten. Det kunne vel og vere at han ved ettertanke eigentleg tykte vel om hendinga, visste å verdsetje inertiaren frå kameraten min? Kanskje minna den han om eigne pretter fra guttedagane? Vaksne hadde lett for slikt, det var ei roynsle. I alle fall kom eg etter dette til å like han, om enn med ein viss age.



Bli til noko!

av Olav Molven

Sentrum på Osøyro var avgrensa og greitt å halde oppsyn med. Hovudvegen svinga seg roleg mellom bygningane, med busshaldeplass på ei side og drosjane på hi sida. Eit kioskhus stod strategisk til for raske kjøp og opplysningsteneste for reisande. Huset hadde dessutan opphaldsrom for drosjesjåførane, og telefonkiosk rett inntil kortveggen på baksida.

Sjåførane var greie karar, slett ikkje vanskelege å ha med å gjere for oss gutane. Som grindagutar hadde vi rett nok ein eigenverdi, men eg trur ikkje det var avgjerande for at det gode tilhøvet vi hadde til drosjemiljøet. Viktigast var vel at vi tedde oss rimelig bra, heldt oss unna fantestrekar som å plukke på, pirke borti bilane. Køyretøya vart alltid studerte på respektabel avstand, eller vi gjekk varsamt mellom dei. Og ofte var vona ein tur t.d. til Kysthospitalet, eller kanskje heilt til Drange, for å åpne grindar undervegs. Kom tur til røyndom, var ein alltid kvikk i snuen når dei mange «stengsla» skulle opp og igjen. Eit par grindagutturar minnest eg godt sjølv i dag. Dei prenta seg inn som særhendingar i gutelivet.

Døra inn til sjåførane sitt opphaldsrom stod gjerne halvåpen. Slik kunne begge partar, kundar og sjåførar, observere kvarandre i god tid, og handle deretter.

Innom døra i drosjebua, til venstre, fann ein telefonen. Og til høg- re, etter det eg hugsar, var det eit noko nedslite bord, sitjebenk og eit par krakkar. Ventande sjåførar sat gjerne inne, tok seg ein røyk, prata, nytta kortstokken. Stod døra på glytt kunne vi småkarane «snike» oss innpå, observere og lytte.

Samtalane sjåførane mellom sette vi pris på, særleg dersom dei inneheldt synspunkt og kommentarar til namngjetne personar, kjende og ukjende. Då var vi ekstra forvitne, lytta med «øyro på stilkar». Innafor dørstokken var vi sjeldan og aldri. Vi stod utafør, men stakk hovuda nær nok til at vi fekk med oss det meste.

Likevel, litt dristigare kunne vi verte dersom ein spesiell sjåfør var til stades. Han var «leigesoldat», ikkje drosjeeigar i fast køyrearbeid, men tok ekstrajobb som sjåfør. Vi kjende han som fotballinteressert. Han hadde synt oss at han kunne trikse, var lett på foten, hadde «laget». Slik interesse og slike evner gav tryggleik for oss to kameratane. Vi gjekk nærare og gjerne fram i dørøpninga dersom han sat og venta på tur.

Vel, denne dagen rødde sjåførane vel. Bilane «kvilde», det var tid til å tale om folk, også med namns nemningar, Akkurat noko for to gutar som var ivrige etter alle slags soger om liv og lagnader. Vi følgde godt med. Mangt vart sagt før den merknaden kom – eller det var kan hende ein konklusjon? – som brann seg inn i oss, vi som av og til streva med dei vaksne sine krav til skapleg framferd. Einkvan sa beint fram, at det hadde no forresten vist seg, at i livet vart det mest av den som tedde seg litt uvore i yngre år, gjorde eitkvart gale.

Vi såg på kvarandre, tenkte vårt. Då sa kameraten min alvorleg: «Vi går ned og knuser eit vindauga i garasjen til» Eit beint fram rimeleg forslag i situasjonen vi var komne i. No kunne vi sikre framtida vår, tilfredsstillt eitt vilkår for å bli til noko ved personleg innsats, just der og då. Kva låg nærare enn å angripe eit klart definert mål, tilhøyr-

rande ein person vi visste ville reagere kvasst, ein vi hadde otte for, mykje meir enn for andre med garasje?

Men ruteknusinga vart det sjølv sagt ikkje noko av. Inni oss visste vi at det ikkje var fullt så enkelt å skape seg ei framtid. Vi måtte gå andre, meir krevjande vegar for «å bli til noko»!

Kva vegar vi seinare valde skal ikkje nemnast her. «Noko» vart vi begge etter ei tid. Men litt gale rakk vi forresten å gjere, tilliks med barn flest, vil eg tru.

Osøyro seint på 1930-talet.

Flaggseremoni tidleg om morgonen 17. mai.



Røykarane



Os Turnforening sitt gutelag 1948/49. Bak t.h. står Olav Molven og ved sida av han Reidar Leganger. Bilete frå jubileumboka til Os Turnforening.

av Olav Molven

Vi visste at manndom kunne markerast på ulike vis, som ved å røyke. Røyking var nettopp ei typisk mannesak i vår barndom. Eg kan berre hugse to kvinner som røykte. Ja, ei av dei skulle til og med vere sett å utøve karstykket utafor eige heimeområde. Slikt var til å tale om mellom andre kvinner, først og fremst mødre, dei som alltid var å finne i eller nær heimane. Mødrene såg dagleg til at vi så langt råd var – både nytta vår vesle porsjon av vit og forstand og tok imot nye dosar av oppseding når det var på sin plass. Og at røyking var for vaksne, det visste vi vel, innpoda som vi var.

Likevel, karstykket var freistande og eigentleg ikkje oss imot å prøve. Eksperiment med tørka lauv og høveleg mose var starten, men ikkje særleg å trakte etter. Dei røykslene gav oss difor hug til å prøve ekte vare. Det måtte vere eitkvart ekstra ved å suge tobakksrøyk inn, ha den i munnen, blåse ut, eller kanskje til og med sende røyk gjennom nasen? Det tyktest ligge noko storfelt i å kunne røyke på veltilpassa vis, som ein mann!

Vi hadde no elles ei meining om at piperøyking var eit steg høgare på rangstegen enn sigarettbruk. Bruk av pipe innebar eit rituale, var ein prosess med mange element, fra førebuingfase til sjølv røykinga, og vidare til reingjering og vedlikehald av reiskapen.

For oss to, kameraten min og eg, stod det så ein dag klart at tida var inne til å la ekte tobakksrøyk føre oss nærare vaksenlivet. Vi ville trø til for fullt ved å gå pipevegen. Vi hadde sjølv sagt ikkje skaffa oss ekte piper. Men vi visste råd. Kastanjenøtter og stilkar av bringebærbusk tente til pipehovud og piperøyt/ munnstykke. Nøtter hadde vi skore til og grave ut. Hol var laga i sida på kvar nott, tilpassa ein høveleg lang stilk som alt var gjennomborra ved hjelp av streng. Tobakk og fyrstikker hadde vi, utan at eg kan hugse korleis vi hadde sikra oss det. Tjuvferd var det i alle fall ikkje. Vi hadde vel plukka sneipar og kjøpt oss «stikker».

Det var ein strålende dag, sumarstill og varm. Vi inntok orkesterplass på «Øyro». Der kunne vi sitje fredfullt og uforstyrtra, som småkongar, sjå ut mot sjølvaste Bjørnefjorden og over til Tysnes. Plassen var nemleg på sjøsida av eit hus med verkstader både i første og andre høgda. Langs huset, som del av grunnmuren, var det som ein slags ekstra mur som gav «gangveg» langs huset. Bølgjevern meinte vi det var.

Så sat vi der då, dingla med føtene ned mot grunt vatn, og småprata lågt medan vi gjorde oss klare til vår debut som piperøykarar. Vi hørde tydeleg at folket var i sving i andre høgda. Der stod vindaugo opne i finværet. Kven som arbeidde der, og kva dei dreiv med hadde vi god kjennskap til.

Tobakken var komen i pipene, ivrige hadde vi elda ei fyrstikk. Vi var klare for våre første drag. Då hende det! Ein drabeleg dusj kom over oss, sløkte elden, og endra vår inngang til nyting for menn. Retteleg gjennomvåte vart vi. Og i andre høgda stakk det hovud ut, smil såg vi og lått hørde vi, og ei tom bømme dingla utfor vindaugskarmen.

Vi kom oss opp i Mobergshaugane, sytte for tørking, og var måteleg interesserte i restane av røykeutstyret vårt. Tørre klar hadde vi etter stutt tid slik at vi kunne rusle heim til våre på skapleg vis. Ingenting vart røpa frå hendinga, om korleis eit høgst lokalt brannmannskap hadde sløkt våre dristige voner. Visse hendingar måtte løynast for foreldre og sysken, gjerne for andre og. Slik var det berre.

Vi vart no ikkje røykarar likevel, korkje på pipe eller med sigarettar. Kanskje hendinga ein sumardag for om lag 60 år sidan medverka til det?

Minneparken

Av Kåre Herdlevær

Året 2005 er eit minneår i Noregssoga. Ikkje berre er det tid for markering av det historiske brotet med Sverige i 1905. Det er også blitt eit år der vi minnest deltakarar og falne i siste verdskrigen og krigen med Sverige og England 1807 – 14. Her i Os har vi markert begge desse hendingane. Skriftnemnda har funne det rett å sjå litt på bakgrunnen for Minneparken.



17. mai 1914. Avduking av minnesteinen på Osøyro. Foto: Os-soga.

Strid om Minneparken

Minneparken i Oshaugen kom i 1946. Han har i alle år etter den tid vore eit samlande symbol som minne over dei som lét livet i desse krigane. Det er difor ikkje så rart at det vekte sterke kjensler og rasande lesarinnlegg i lokalavisa då det kom framlegg om å flytta Minneparken. Kva som i røynda låg bak dette framlegget skal eg la liggja her. Men då dei fleste osingar ser på Minneparken som ein umisteleg og dyrebar stad, er ikkje opposisjonen så overraskande. At dei styrande tok signala som kom og la heile flytteplanane langt ned i kontorskuffa vart vel motteke. Dei fleste vonar at planane vert arkivert for alltid under tittelen: «Planar som ikkje vart noko av.»

Minnesteinen frå 1914

I 1914 vart det teke initiativ for å minnast dei som var med i krigen 1807 -1814. Noreg kom då i hopehav med Sverige, etter 400 år un-

der Danmark. Det vart reist minnesteinar mange stader i landet, så også her i Os. 28.03.1914 gjorde Os heradstyre slikt vedtak: «Valg paa komitè ianledning festligholdelse i jubilæumsaaret. Valgte blev: H. Skinstad (ordforar 1914-16), Lensmann Bugge (lensmann 1910-30), lærer Skjeie (1903-22), lærer Skorpen (frå 1905-47), Jonas Jonsen Vedholmen (handelsmann, postopnar og telefonstasjonstyrar), lærer Midthus (frå 1905-43), fotograf Berg, Torbjørn H. Lyssand (gardbrukar). Det bevilges kr. 40,- til arbeidet.» Alle desse var kjende menn i bygda. og var nok vel skikka til å ha ansvaret for «festligholdelse i jubilæumsaaret». Heradstyreprotokollane seier lite om arbeidet, anna enn at i juni same året vart det søkt om meir pengar. Dei fekk kr. 50,- i tillegg. Lite å rutta med etter dagens målestokk. Men oppjustert til dagens pengeverdi var ikkje summen så heilt liten.

Minnesteinen som vart reist i 1914, stod på Torget fram til 1933-34. Eit reguleringsvedtak i 1933 førde til at Minnesteinen vart flytta til Oshaugen og er seinare innlemma i Minneparken. På denne stei-



Minnehøytid på Os.

Minneplater for ofrene fra fri- domsstriden avduka.

Namnet Os fekk klang og glans i krigstida. Innsatsen Osingane gjorde — både på heimefronten og utefronten — vil dei komande slektar lesa om med glede og byrgskap. Osingane vann seg æra — og godt samvet. Men det kosta. Det kosta lidning, sorg og sakk.

27 Osingar fall, og det er to og ein halv gong meir enn gjennomsnittet for alle kommunane i landet.

Saknet er stort for dei som miste sine kjære. Slike sår som Osingane fekk, grov ikkje så enkelt. Men sårnet vert mindre — sårar grov snøggare — òg offeret Osingane gav verkar stimulerande på oss alle i arbeidet for eit fritt, godt og lukkeleg Noreg.

I går, etter gudstenesta i kyrkja, vart minnetavlane over dei falne Osingane avduka. Det var ei enkel og gripende høgtid, og minst 1 500 menneske var møtt fram.

Formannen i minnemerknemnda, lærar Askvik, ynskte alle velkomne. Der etter var det i minutt stilla, og så spelte musikklaget »Norge mitt Norge».

Bkulestyrrar Grindevoll heldt minnetalen over dei falne allierte, og oberst Haukeland avduka minnetavlane over dei falne Osingane. Både talarane bar fram folket ei takk til dei falne og sa at den beste måten vi kan heldra minnet deira på, er å verne om den fridomen dei gav oss.

Lærar Askvik takka alle som hadde hjelpt til med å reise dette minnesmerket, og han overleverte det til Os kommune.

Ordførar Moberg tok imot minnesmerket på kommunen sine vegner, og sa at dette måtte ikkje berre verte eit minne om dei falne, men og ei mahnig til dei som lever om alltid å stri for friedom og rett. Sokneprest Flåtten slutta høgtida med å lyse Guds fred.

Demokrati har under krigen prøvet å bli de ypperste, og den norske glans over lan-

Minnetavlane er oppsette i parken, tett ved kyrkja, og alle dei 27 har fått namnene sine på platen, med fødselsdato og datoen då dei fall.

Desse 3 fall i strid: Ole N. Kobbeltvedt, på Voss 25/4 1940. Hans Eidsvik, i Hallingdal 26/4 1940, og Olav J. Hægland, på Kreta 20/5 1941.

Under flyging omkom Lelf Dog Rustad og Eyolf Berg Olsen jr., både 1943.

Med Blå omkom 15/11 1941: Einar Eldsøen Lunde, Olav Valle, Moberg og Kjell Rustad.

Ved krigsforlis omkom: Nils Sperravik, Buene, 27. januar 1941, kaptein Knut Kristian Alsager, 1941, Harald A. Haugland, 6. juli 1942, Magnus M. Kuventræ 27. juni 1942, Martin Sundøy 26. septbr. 1943, Karl I. Lekven 1944 og Olav J. Lekven 4. januar 1945. Nils M. Kollen vart torturert i hel 23. november 1944, og i fangenskap miste desse livet:

Odd Tveit i Tyskland 31. oktober 1943, Ludvig Haulen i Natzweiler 8. mai 1944, Jøn Fagertun, på Grini 30. mars 1945 og misjonær Vinsjans Midtbø i Japansk fangenskap 19. november 1944. Johan P. Sælen vart skoten av tyskarane i Oslo 3. septbr. 1942.

Ved Fusa sitt forlis ved bombing 8. januar 1945 miste desse livet: Henrik Henriksen Søfteland, /frk. Mimi Osten, Hagavik, fru Johanna Madsen, Gurina Austbø, Nordstrøna. Den 4. oktober 1944 vart Jan Gunnar Grindevoll drept av ei granatsplint, medan han låg og sov. Tyskarane drev øving på Bjernefjorden den dagen og derfrå kom splinten.

Seks av dei sju og tjue er gravlagde i Os, dei andre kviler i havet, eller i kjende og ukjende graver i utlandet og heimlandet.

I Os ligg ogso gravlagde 27 ukjende serbarar, som vart skotne på Ulven i 1942, 6 russarar og ein spanjol. På desse gravene vart det lagt kransar i går.

Minneplatene av dei falne Osingar er teikna av arkitekt Lelf Rustad. Steinhoggararbeidet er utført av S. Elkner. Fana, og bransearbeidet av A.S. Luna, Bergen.

Avduking av minnesmerket for 1940-45, 17. mai 1946. Hans Bakkesteig tok biletet frå kyrkjetårnet.

Faksimile av Bergens Arbeiderblad sin reportasje 18. mai 1946, frå minnehøgtida 17. mai.

nen står det 51 namn på menn som var med i krigene 1807-14. Av desse fall John Gjelle, Rolf Lunde, Ole Lien, Kristoffer Røttingen og Nils Bø. Resten, 46 mann, kom velberga heimatt. Det var so mange osingar at kompaniet fekk namnet «Ousiske kompani». Når eg skriv «velberga», so hadde dei livet i behald, men påkjenningane hadde vore store. Dei same soldatane måtte fleire gonger ta den lange vegen aust- over og heimatt. Ein veg som gjekk via Lærdalsøyra, over Filefjell,

gjennom Valdres til Toten, over Mjøsa til Hedmark. Ei stri reise, delvis til fots, som tok 24 døger. Oberstløytnant Torbjørn Synnestvedt skriv slik om dette: «Man kan forestille sig hvorledes mannskabet ser ut efter disse hårde afskyelige toure i 24 dager, nemlig som sande kuls- viere, ilde tilredt og forrevne. Naar de nogle dager har været i ro, er det halve mandskab i almindelighed syg. — Mine forrige saa fede og stærke grenaderer kjender jeg snart ikke igjen. De er nu meget gustne

og mavre, og deres fordums spøg og munterhed er borte, – man kan blåse dem overende. Å vera utkommandert som soldat og i strid, var såleis ingen «dans på roser» den gongen heller.

Minnesteinen frå 1946

På formannskapsmøtet 15.09.1945 reiste ordføraren spørsmålet om å reisa eit minne over dei falne og døde i krigen 1940-45. Dette vart vedteke, og det vart sett ned ei nemnd slik: Fredrik Heggland (Hegglandsdalen), Henrik M. Lyssand (Os-krinsen), B.Børretzen (Os-krinsen), Magnus Askvik (Søre Neset), A. Gjersvik (Lysefjorden) og Gustav Tvedt (Os-krinsen). Alle var godt kjende menn i bygda. Seinare gjekk Marie Østrem inn i nemnda. Alt på møte i Os Heradstyre 13.12. s.å. kom nemnda med framlegg om to alternativ. Alt I: Minneportal ved kyrkja, alt II: Minnepark ved Bautasteinen. Det siste måtte vera i tilknytning til der Bautasteinen stod i Oshaugen. Saka vart utsett for at heradstyret kunne sjå på dei to stadene. I same møte vart mandatet til nemnda utvida til også å gjelda utgreiing om bautaspørsmålet på gravene for dei norske og framande som let livet i krigen. På møtet 19.01.1946 vart saka avgjort slik: «Det vart samrøystes vedteke at som minnesmerke skulle det lagast ein urnelund etter utkast av arkitekt Rustad.» Heradstyret samla seg såleis om alternativ II frå nemnda.

No må arbeidet ha gått fort frå det endelege vedtaket til avdukinga. Ho vart som kjent halden 17.mai 1946. Vi hadde ikkje lokalavis, men avdukinga vart omtala både i Bergens Tidende og Bergens Arbeiderblad. I BT med ein liten notis 10.mai og eit lengre stykke 16.mai. I BA som ein notis 14.mai og eit referat frå høgtida 18.mai. Eg tar med litt frå dette referatet:

«Namnet Os fekk klang og glans i krigstida. Innsatsen Osingane gjorde – både på heimefronten og utefronten – vil dei komande slekter lesa om med glede og byrgskap. Osingane vann seg æra – og godt samvit. Men det kosta. Det kosta lidning, sorg og saken.

27 Osingar fall, og det er to og ein halv gong meir enn gjennomsnittet for alle kommunar i landet.

Saknet er stort for dei som miste sine kjære. Slike sår som Osingane fekk, gror ikkje så snart. Men saknet vert mindre – såra gror snøggare – dersom offeret Osingane gav verkar stimulerande på oss alle i arbeidet for eit fritt, godt og lukkeleg Noreg.

I går, etter gudstenesta i kyrkja, vart minnetavlene over dei falne Osingane avduka. Det var ei enkel og gripande høgtid, og minst 1500 menneske var møtt fram.

(Sjå bilete som Hans Bakketeig tok frå kyrkjetårnet.)

Referatet nemner vidare at lærar Askvik, som formann i minnesmerkekomiteèn ønskte velkomen, skulestyrar Grindevoll heldt minnetale over dei falne allierte, oberst Haukland avduka minnetavlene over dei falne Osingane og ordførar Moberg tok imot minnesmerke på vegne av kommunen. Sokneprest Flåtten slutta høgtida med å lysa Guds fred.

Resten av referatet listar opp dei 27 som har fått namna sine på minneplatene. Kvifor, finn ein i Bygdesoga for Os. Til slutt står det: Minneplatene av dei falne Osingar er teikna av arkitekt Leif Rustad (Miste 2 søner under krigen). Steinhoggararbeidet er utført av S.Eikner, Fana, (Same firma stod for opprustinga i år), og bronsearbeidet av A.S. Luna, Bergen.

Seinare same året vart det vald ei nemnd for å ha tilsyn med minnesmerke, og i heradstyremøte 08.07 1947 vart det vedteke at kommunen skulle kosta kransenedlegging på minnesmerke og graver etter dei som fall i dei nemnde krigane. Kransenedlegging har det såleis vore i alle år etter den tid.

Dette er i korte trekk det eg har funne i heradstyreprotokollar, aviser og Os-soga om desse to sakene. Kanskje finst det meir skriftleg tilfang, men det er i så fall godt gøymt.

Seglaren

der ute er du
i det havgrøne paradisi
stille glid du fram

eg står her og undrar
fridomen du eig

aldri å klamra seg fast til noko

Det er difor eg står
og speidar mot sjø
for å kyssa deg varsamt i morgonbrisen

du frie seglar
du modige måke
som bur i meg under hud

Barnesider

laga av 7. klasse ved Søfteland skule

Bokmelding

Tittel: **Frøken Detektiv**

Namn på hovudperson: *Nancy Drew*

Alder: 18 år

Bøkene om Nancy Drew også kalt Frøken detektiv er ei spanande bok om ei jente som har nase for mysterier. Ho har ein berømt far. Han er advokat og heiter Carlson Drew. Mora til Nancy døydde då ho var lita jente. Men hushjelpa, Hanna Gruen, har vore som ei mor for Nancy heilt sidan mora døydde. Veninnene til Nancy, Bess Marvin og George Fayne og hennar spesielle venn Ned Nickersoner er ofte med på å løyse mysteria. Ho kjem alltid opp i nye mysterium.

Carolyn Keene som står som forfattarnamn på omslaget til bøkene om Nancy Drew, er ingen forfattar, men eit varemerke som *Edward Stratemayer* fekk eineretten til. Allereie i 1941 kom de første bøkene om Frøken Detektiv på norsk og blei umiddelbart ein kjempesuksess. Ungjentene kasta seg over bøkene, og nærmast åt dei, slik at forlaget måtte trykke opp stadig nye opplag. Eg syns serien er veldig spanande og vil anbefale den på det sterkaste.



Vitsar

Det var ein gang ein svenske, danske og nordmann som var på flytur og plutselig styrta flyet. Men dessverre var det berre to fallskjermar, svensken tok ein og dansken tok ein.

Så hoppa svensken utan eit ord, men dansken var litt høfleg og sa: «Det var synd at vi ikkje kunne møtast meir.»

«Kvifor det?» spurte nordmannen, «svensken tok jo ryggsekken min!!»

Det var to menn som stod å snakka saman.

Så sa den eine: «Visste du at rosa er den beste kamuflasjefargen?»

«Eg har aldri sett nokon med rosa kamuflasjedrakt.»
«Ja, nettopp!»

«Kva er den beste kamuflasjen til ein elefant i eit kirsebærtre?»

«Eg veit faktisk ikkje, kva er det då?»

«Jo, du skjønar elefanten lakkar berre neglene raude!!»

«Å, det har ikkje eg sett!»

«Ja, der ser du!!!»

Det var to menn som stod og snakka saman. Så sa den eine: «Eg har lært hunden min å snakka!»

«Ja, eg veit det, han sa det til meg i går!!»

Hurra for Pippi!

I 1945 kom den første boka om Pippi, skrive av den svenske barneforfatteren Astrid Lindgren. Det var eigentleg dattera Karin som fann opp Pippi. Ein vinterdag då ho låg sjuk heime i senga si, bad ho mora fortelja ei historie om ei jente som heitte Pippi. Og Astrid fortalde om Pippilotta Virktualia Rullgardine Krusemynte Efraimsdotter Langstrømpe som var så sterk at ho kunne løfta ein hest med berre vesle fingeren. Pippi Langstrømpe og alle dei andre historiane som Astid har laga er oversett til meir enn 60 språk.

Geografispørsmål

1. Kva heiter det høgaste fjellet i verda?
2. I kva for ei fjellrekkje ligg det?
3. Kor høgt er det?
4. Kva heiter dei tre største ørkenane?
5. Kva heiter dei tre største verdshava?
6. Kva heiter dei tre største elvane?
7. Kva land er kåra til det beste landet å bu i?
8. Kor mange gangar på rad er det kåra til det beste landet?

Svar finn du på side 28

BREIFLABB

Hos breiflabben er det store hovudet

omlag halvparten av lengda.

Han finst frå fjæra og ned til ei djupne på 600m, men

under gytinga om våren kan han symja ned til 800m djupt. Gytinga skjer eigentleg vest for dei britiske øyane. I Noreg har fiskinga etter breiflabb tradisjonelt vore eit bifangstfiske. Dei seinare åra har ein begynt å fiska etter breiflabb med garn. Denne fiskinga skjer hovudsakeleg på kysten av Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.



PIGGHÅ

Pigghå er den vanlegaste hai-arten vår, og han sym vanlegvis i store stimar. Dei to ryggfynnane har ein lang pigg som inneheld gift som kan gi smertefulle sår. Arten lever på djupne frå 10-200m, men er oppdaga heilt ned til 960m. Norske merkingar har oppdaga at pigghå om hausten sym til farvatna vest for Shetlandsøyane og Orkøyane, og han kjem tilbake til norskekysten tidleg om våren. Linefisket etter pigghå går føre seg særleg om vinteren når hæn står nærmast

Svar på geografispørsmål

1. Mount Everest
2. Himalaya
3. 8 846 moh.
4. Sahara, den arabiske ørken og Atacamaørkenen
5. Stillehavet, Atlanterhavet og Indiahavet.
6. Nilen, Amazonas og Chang Jiang (Yangtse)
7. Noreg
8. 5 gongar

kysten. Fangstane har minka, og arten er utsett for overfiske på grunn av den høge levealderen og seine kjønnsmodninga. Fiskinga etter pigghå har tatt seg opp dei siste to åra. Det er innført minstemål (70 cm) på pigghå ein har lov å ta.


Roald Amundsen i 1905

Nordvestpassasjen

Roald Amundsen blei fødd 16. juli 1872. Med skuta Gjøa var han den første som fann vegen frå Atlanterhavet til Stillehavet



gjennom Beringstredet. Som første skute seilte Gjøa heile vegen gjennom det som blir kalla Nordvestpassasjen. Denne passasjen hadde mange polarforskarar forsøkt å finna tidlegare, men ingen hadde greidd det. Amundsen var 31 år då han tok ut på denne ferda.



Hobbyen min

er å spela fotball. Laget vårt heiter Søfteland. Trenarane våre heiter Bjørn og Raymond. Eg pleier å vere midtbane og spiss. Vi har det gøy på fotballtreningane og vi gler oss alltid til å spela kampar. Eg synest at alle er bra på laget. Eg pleier nokre gonger å gå ned til ballbingen, eller det er vener som spør om eg kan komme ned, og eg seier sjølvsgatt ja. På skulen spelar vi fotball og.



Nybygget.

Sjøteland skule har 278 elevar, og det er 40 tilsette. Rektoren heiter Marit Steffensen. Skulen vart bygd på denne staden i 1971.

Sidan det kom så mange nye ungdomsskuleelevar frå Lysefjorden måtte me byggja på ungdomsskulen. Den nye ungdomsskulen stod ferdig hausten 2005. Det er 7 klassar på barne skulen og 5 på ungdomsskulen. (8a, 8b, 9a, 9b, 10)

Det er eit bra skulemiljø her. Ungane leikar, spelar fotball og basketball. Det er ein liten gymsal. Den blir brukt til turning, kappgang og fotball om vinteren.



Flott amfi i det nye bygget.

Visste du at:

- den største gullklumpen i verda vart funne i Australia 19. oktober 1872, og han vog 214,32kg!
- den største selen i verda er den sørlige sjøelefanten. Hannen er gjennomsnittlig 5 meter lang.
- den lavaste fødselsvekta som er notert for eit barn som har overlevd, er 280 gram for ei jente som vart fødd den 27. juni 1989 på Loyola University medical center i Illinois, USA.
- den kraftigaste trucken i verda heiter Shock Wave og vert driven av ein jetmotor.
- Nord-amerikanaren Hans N. hadde det lengste skjegget i verda då han døydde i Kensett, Iowa i USA. Skjegget var då 5,33 m langt.
- det høgaste ekteparet i verda var Anna Hanen Swan (1846–88) Canada, som var 2,27 m høg. Den 18. juni 1871 gifta ho seg i London med Martin van Buren Bates (1845–1919) frå USA, han målte 2,29 m.



DnB NOR Os

Din lokale bank - banken som kjenner deg

www.dnbnor.no

DnB NOR



Bli abonnent du òg!

Her finn du
SISTE NYTT
om det som hender
i heimbygda di!

OS & FUSA POSTEN

Postboks 273 – 5203 Os
© 56 30 29 50 – Faks 56 30 24 77
E-post: post@osogfusa.no
www.osogfusa.no

OSELVERE I GULL OG SØLV



GULL

Lite smykke m/kjede 790,-
Stort smykke m/kjede 1690,-
Liten slipsknapp 690,-
Stor slipsknapp 1590,-

SØLV

Lite smykke m/kjede 198,-
Liten slipsknapp 149,-
Stor slipsknapp 198,-

Alt produsert på eget verksted

Os Sentrum
56 30 04 84



Amfiseret
Flåten - Os
56 30 02 77

Roser Gartneriutsal

Erling og Terje Lunde - Gartneri
5200 Os - Telefon: 56 30 40 70

OS MÅLLAG

**Din totalleverandør av
finansielle tenester**

Nordea 

Filial Os - 5200 Os - Telefon 56 57 01 00 - Telefax 56 57 0110

Avd. Os
Landboden
5200 Os
Tlf. 56 30 17 05
Fax. 56 30 04 53



MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS



Avd. Fusa
Fjord'n Senter
5640 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 15 25
Fax. 56 58 28 76

E-post: firmapost@alf.hjelle.no • Internett: www.alfhjelle.no

Butikk i Landboden på Os • butikk i Fjord'n senter • håndtverk

Malermester



HANS ASK
TRANSPORT AS
INDUSTRIVEGEN - 5200 OS



**RENOVASJON -
CONTAINERSERVICE**

Tek på meg all slags bosskøyning.

Lager Kolskogen: tlf.: 56 30 16 17

BESTILL DIN REISE HOS

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ A/S
POSTBOKS 274 - 5203 OS

TELEFON: 56 30 43 00

FAKS: 56 30 43 10
E-POST: os@travelnet.no

Heimeside: www.osreisebyra.no

Solavskjerming - Kjøkkenartikler
Maling - Jernvarer - Gaveartikler

Flåten Jernvare A/S

Amfi Os, 5200 Os
Tlf.: 56 30 07 44
Fax: 56 30 07 51



**Kleiven Kjøtt
og delikatesse AS**
5200 Os - Tlf.: 56 30 10 83



MATSTOVA

FERDIGMAT
Leveres også søndager

 56 30 10 55

*Blomar og planter
i store parti
me kjøper og sel
frå vårt gartneri.*

a/s kystland  **GARTNERI**



God helse er ikkje sjølvsgatt

Uførepensjon gjer deg litt tryggare

Det einaste vi veit om framtida, er at det er bortkasta tid å uroe seg. Gledelege overraskingar og nye utfordringar ventar på oss alle. Sparebanken Vest har ei rekkje forsikringsprodukt og erfarne rådgivarar som hjelper deg å velje rett løysing for framtida di. Å samle bank og forsikring på ein stad er både sikkert og oversiktleg. Så du kan nyte livet endå litt meir. Og uroe deg litt mindre. Kom innom i banken og snakk med oss, ring Kundeservice på telefon 815 22 002 eller gå inn på www.spv.no.

 SparebankenVest

A SÆLEN MØBLER

5212 SØFTELAND
TLF: 56 30 24 00
FAX: 56 30 76 58
BANKGIRO: 3631.09.32706
ORG. nr.: NO 862 988 302 MVA



Vi tilbyr alle tenester innanfor røyrleggarfaget, som:

*Off. Vass- og kloakkanlegg • Varmeanlegg • Sanitæranlegg
Rehabilitering av sanitær- og varmeanlegg
Tilstandskontroll av sanitær- og varmeanlegg
Servicearbeid på tekniske anlegg
Tv-inspeksjon av røyr og kanaler
Lokalisering av røyr og kablar
Utleige av minigravar*



POSTBOKS 226, 5201 OS
TELEFON: 56 30 15 83 • FAX: 56 30 12 50



Postboks 94 - 5202 OS

Åpningstider: Mandag-Onsdag 09.00-17.00
Torsdag 09.00-19.00
Lørdag 09.00-15.00

SJEKK SYNET HOS OSS

interoptik
H. Bakketeig

Telefon: 56 30 18 00
Telefax: 56 30 76 50



**Ny tilhenger?
Vi har brukte biler**

Tlf. 56 30 18 50, verksted: 56 30 61 90
mail: gunnar@lyssand.no
mail: torgeir@lyssand.no
Hjemmeside: www.lyssandbil.no

*Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.*



5222 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80

Os. Folkedanslag
(Stiftet 1890)



Vi støttar
arbeidet til
Os. Mallag

Bohus

Telefon: 56 30 34 10

Klær for heile familien

CUBUS

Tlf 56 30 23 80

**Vi støttar det lokale
kulturmiljøet!**

*Hjå oss får du alt du treng av bøker, faglitteratur
og data, papir og rekvisita.*

Vi har òg mange godbitar frå ditt lokale miljø!

Osøyro;libris

5200 Os
Tlf: 56 30 04 30 | osoyro@libris.no
www.libris.no/osoyro

Alle slags planter

- PRYDBUSKAR
- NÅLETRE
- FRUKTTRE
- BÆRBUSKAR m.m.

M. HAUGE'S
Planterekole
Moberg - 5200 Os
Tlf. 56 30 03 60.



FABRIKKUTSALG

Tekstiler til fabrikkpris

TLF: 56 30 74 56

ÅPNINGSTIDER: Mand., tirsd., onsd., fred.: 9.00 - 16.30
Torsd.: 9.00-18.00 Lörd.: 10.00-14.00

Kvalitet!

- VERKTØY -
 - MASKINER -
 - REDSKAP -
- for
HUS OG HAGE

JERNIA

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. 56 30 04 00 - 5201 OS

OS MÅLLAG

SKIPA 1920

Styret:

Leiar: Barbra Røttingen

Nestleiar: Marie Hauge

Skrivar: Mari Lyssand

Kasserar: Oddvar Bentsen

Styremedlem: Eldbjørg Kræmmer

Velkomen som medlem!

Ta kontakt med eit av styremedlemene.


FARGERIKE[®]
Norges ledende farge- og interiørkjede

A.S OS FARGEHANDEL INTERIØREN

Steinneset - 5200 Os
Telefon: 56 30 03 80 - Telefax: 56 30 14 72

Hvor som helst - når som helst

Vi har turbusser til alle anledninger



Telefon: 55 55 44 54

Telefaks: 55 55 44 94

e-post: gaiareiser@gaiatrafikk.no

www.gaiatrafikk.no GAIA REISER 



Varme- & Bad-butikken din på Os Engevik Rørleggerservice.

Landboden, 5200 OS

Tlf. 56 57 60 90 - Fax 56 57 60 91

Mobil 90 78 68 98





Os Mållag helsar 100-åringen Os Turnforening og ønskjer tillukke med jubiléet. Jubilanten har sett sitt preg på Os-bygda på mange måtar. Første omslagsside viser eit bilete frå turnforeninga sitt innslag i 17. mai-toget 1949. På denne sida ser vi «Ein glad gjeng klar for eliteserien» i 1979. Handballjentene spelte seg då opp i 1.divisjon. Den heiter no Eliteserien.

Bilete frå jubileumboka til Os Turnforening.